

nynorsk • kultursentrum



Årsmelding og rekneskap 2009

Ivar Aasen-tunet
Dei nynorske festspela
Nettstadene

Innbald

ÅRSMELDING

1. 2009: Engasjementet 3

- 1.1 Økonomisk resultat 3
- 1.2 Bygningar og anlegg 3
- 1.3 Gjester og brukarar 3
- 1.4 Fagleg innhald 3
- 1.5 Utstillingar 4
- 1.6 Dei nynorske festspela 4
- 1.7 Kulturprogram 4
- 1.8 Kafé, utleige, butikk 4
- 1.9 Samla resultat 2000–2009 4

2. Visjon, verdier og oppgåver 4

- 2.1 Visjon 4
- 2.2 Verdier 4
- 2.3 Forretningsidé 4
- 2.4 Merkevarer 5
- 2.5 Mål 5
- 2.6 Mål 2009–2012 5
- 2.7 Slagord 5
- 2.8 Strategi 5
- 2.9 Viktige uløyste oppgåver 5

3. Drift 6

- 3.1 Resultat 6
- 3.2 Tilknytt selskap 7
- 3.3 Administrasjon 7
- 3.4 Vidare drift 7

4. Disponering av resultat 7

5. Rekneskap 8

- Resultatrekneskap 8
- Balanse 9
- Notar 11
- Revisjonsmelding 13

ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT

1. Organisasjon 14

- 1.1 Råd 14
- 1.2 Styre 15
- 1.3 Administrasjon 15

- 1.4 Verneombod 16
- 1.5 Rekneskap og revisjon 16
- 1.6 Stiftingar og aksjeselskap 16
- 1.7 Lokalt lønssystem og avtale om inkluderande arbeidsliv 16
- 1.8 Medlemskapar 17
- 1.9 Verv og representasjon 17
- 1.10 Nynorsk Forum 17
- 1.11 Fehn-forum 18
- 1.12 Litteraturnettverket 18
- 1.13 Ivar Aasen-instituttet 18
- 1.14 Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa 18
- 1.15 Andre samarbeidspartnarar 18
- 1.16 Planar som styringsreiskap 18

2. Staden 18

- 2.1 Uteområdet 19
- 2.2 Bygningar og anlegg 19
- 2.3 Tilkomstveg og plass 19
- 2.4 Forankring i vertskommunane 20

3. Dokumentasjon og formidling 20

- 3.1 Samlingsforvaltning 20
- 3.2 Samlingar 21
- 3.3 Innkjøpte kunstverk 22
- 3.4 Dokumentasjon og forskning 22
- 3.5 Eigne dokumentasjonsprosjekt 22
- 3.6 Eksterne dokumentasjons- og forskingsprosjekt 23
- 3.7 Nynorskbasen 24
- 3.8 Artikkelarkivet 24
- 3.9 Foredrag og samtalar 24
- 3.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet 25
- 3.11 Andre trykte og elektroniske skrifter 25
- 3.12 Fagleg representasjon 26
- 3.13 Jon Fosse-arkivet 29
- 3.14 Publikumssørvis 29

4. Utstillingar 29

- 4.1 Basisutstillinga 29
- 4.2 Temautstillingar 30
- 4.3 Vandreutstillingar 30
- 4.4 Undrande og skapande 30
- 4.5 Sitat i butikk 31
- 4.6 Nettutstilling 31

5. Tilbod til born og unge 31

- 5.1 Tunkatten Lurivar 31
- 5.2 Born og småbornsfamiliar 32
- 5.3 Barnehagetilbod 32
- 5.4 Standard skuletilbod 32
- 5.5 Den kulturelle skulesekken i tunet 33
- 5.6 Den kulturelle skulesekken på turné 34
- 5.7 Gründercamp og utplassering 34

6. Arrangement 34

- 6.1 Dei nynorske festspela 34
- 6.2 Kulturprogram 36

7. Kafé og butikk 37

- 7.1 Kafé 38
- 7.2 Utleige 38
- 7.3 Butikk 39
- 7.4 Nettbutikk 39
- 7.5 Vareutval og lagerhald 39

8. Nettstadene 40

- 8.1 aasentunet.no 40
- 8.2 tunkatten.no 40
- 8.3 garborgnett.no 40
- 8.4 Besøk og bruk 40
- 8.5 Nettbiblioteket 41
- 8.6 Allkunne 41

9. Informasjon 42

- 9.1 Presse og kringkasting 42
- 9.2 Trykksaker 42
- 9.3 Annonsering 43
- 9.4 Sosiale medium 43
- 9.5 Reiselivssamarbeid 43
- 9.6 Skilting til tunet 43

10. Gjester 43

- 10.1 Gjesteprofil 43

- 10.2 Gjesteundersøking 44

- 10.3 Opningstider 45

- 10.4 Billettprisar 45

- 10.5 iTicket 45

11. Økonomi 45

- 11.1 Investeringar 45

- 11.2 Drift 45

- 11.3 Prosjektilskot 46

- 11.4 Samarbeidsavtalar 46

- 11.5 Samfunnsrekneskap 47

12. Perspektiv 2013 47

- 12.1 Ein nasjonal kulturinstitusjon 47

- 12.2 Dialog med mange land 48

- 12.3 Endringar i Ivar Aasen-tunet 49

- 12.4 Årets nynorskbrukar 49

- 12.5 Institusjonsbygging 49

- 12.6 Oppfølging av språkmeldinga 49

- 12.7 Soria Moria 2 50

- 12.8 Kulturelt mangfald 51

- 12.9 Språkpolitisk demografi 51

- 12.10 Språk og lesing i barnehøgda 51

- 12.11 Den kulturelle skulesekken 52

- 12.12 Læremiddel på nynorsk 52

- 12.13 Digitaliseringspolitikk 52

- 12.14 Språkåret 2013 54

VEDLEGG

Statistikk 2000–2009 57

Kulturprogram 2009 58

Dei nynorske festspela 2009 65

Temautstillingar 2000–2009 73

Årstalar 2000–2009 Baksida

Framsida

Ivar Aasen-boksar, levert i Ivar Aasen-tunet 23.12.2009. (Foto Gaute Øvereng/Ivar Aasen-tunet)

ÅRSMELDING

1. 2009: Engasjementet

2009 blei eit år med stort engasjement og med større aktivitet på alle område enn nokon gong før. Med utbetring av Jostein Nerbøvik-plassen og tilkomstvegen finpusa vi det smykket Ivar Aasen-tunet er. Omsetninga auka med 3 %, gjestetallet var det nest høgaste til no, og det faglege arbeidet blei utført med tyngd.

Det samla kulturprogrammet gav mange kunstnarlege og faglege høgdepunkt. Særleg styrkte vi tilbodet til born i form av tunkatten Lurivars nettstad med Tunkattens songbok. Også det språkfaglege arbeidet heldt s høg kvalitet og nådde vidare ut enn før.

Vi var svært aktive gjennom heile året. Tilsette representerte ved fleire høve enn nokon gong før. Mange prosjekt var prioriterte, men nokre måtte utsetjast til 2010.

Hausten 2009 gjorde vi avtale med Kulturdepartementet om å forvalte Vinjefondet, som skal fremje bruk av nynorsk i media.

1.1 Økonomisk resultat

Nynorsk kultursentrum har forretningskontor i Ørsta kommune.

Resultatet blei forbetra med over 0,5 mill. kr frå 2008. Drifta gav eit overskot på 316 711 kr, mot eit underskot på 230 778 kr året før. Dette auka eigenkapitalen til 572 016 kr. Større har eigenkapitalen aldri vore, og det er viktig å auke eigenkapitalen endå meir for å sikre eit meir stabilt driftsgrunnlag.

Med slitesterkt, målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette auka omsetninga med 3 % til 13,7 millionar kr i 2009. Eigeninntektene var på 3,6 millionar kr, mot 4,6 millionar kr året før. Auken i omsetninga kom såleis frå auken i det ordinære statstilskotet, som i 2009 utgjorde 74 % av driftsinntektene.

1.3 Bygningar og anlegg

Vi investerte i bygningar og anlegg for over 1,2 millionar kr. Jostein Nerbøvik-plassen og tilkomstvegen blei utbetra og gjennomført i

samsvar med framdriftsplan og budsjett.

1.4 Gjester og brukarar

2009 gav det nest beste besøksresultatet til no, sjølv om vi hadde 12 % færre gjester enn i rekordåret 2008. 19 500 personar gjesta arrangement og utstillingar, mot 22 300 året før.

Vel 4700 eller 24 % av gjestene var born og unge, mot 29 % året før. Grunnen til denne nedgangen var at vi hadde vesentleg færre skuleturnear enn i 2008.

Nettstadene hadde 265 000 unike brukarar med til saman 765 000 viste sider. Vi hadde såleis 13 gonger fleire brukarar på nettstadene enn vi hadde gjester på arrangement og utstillingar.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Av 210 arrangement i 2009 var 73 % i Ivar Aasen-tunet, som året før. I 2009 var vi aktive med arrangement eller utstillingar i 25 kommunar i seks fylke. Sju av desse kommunane var nye.

1.5 Fagleg innhald

Samlingane utgjorde ved årsskiftet vel 61 600 einingar. Av dette var 26 % tilfredsstillande registrerte.

I 2009 la vi ut 1350 nye tekstdokument på nettstaden. Til saman kunne publikum velje mellom 9500 digitale tekstdokument. Viktig nytt av året var Ivar Aasens brev og dagbøker med Reidar Djupedals merknader.

Styre og tilsette representerte ved 113 høve mot 72 året før. Tilsette publiserte 59 artiklar, skrifter og foredrag, mot 47 i 2008. Direktøren heldt den 9. årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur: *Valfridom på norsk*.

Arbeidet med å utvikle nynorsk kvalitetsinnhald på Internett og eit allment digitalt leksikon på nynorsk heldt fram i 2009. Allkunne blei lansert 20.10.

15 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknytning til samlingane våre.

Overlege Ottar Rekkedal, Lillehammer, fekk prisen *Årets nynorskebrukar 2009*.

Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet inneheldt ved årsskiftet nær 6400 artiklar om 869 personar, institusjonar og organisasjonar, mot vel 6300 klipp eit år tidlegare.

1.6 Utstillingar

Utstillingane reduserte omsetninga med 16 % til 852 000 kr i 2009. Dette gav eit overskot på 18 000 kr.

Mange elevar tok del i elevprogramma *Det undrande språket* og *Katta i sekken* også i 2009. 2981 elevar og lærarar var med på desse programma, mot 4751 i 2008.

I 2009 laga vi to nye temautstillingar og om lag 35 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Som før var det noko nytt i basisutstillinga kvar opningsdag.

Sju eldre og nyare temautstillingar blei viste som vandreutstillingar på 12 stader.

1.7 Dei nynorske festspela

Dei nynorske festspela er blitt eit kulturpolitisk sentrum, men det økonomiske driftsgrunnlaget er krevjande. Omsetninga auka med 3 % til 1,7 millionar kr i 2009. Resultatet blei eit underskot på 231 000 kr mot eit underskot på 41 000 kr i 2008.

Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var Festspela svært vellukka, med 5600 gjester og 277 utøvarar på 65 arrangement.

1.8 Kulturprogram

Kulturprogrammet auka omsetninga med 63 % til 885 000 kr i 2009. Resultatet blei eit overskot på 66 000 kr, mot eit underskot på 124 000 kr året før.

Utanom Festspela gjennomførte vi 58 opne kulturarrangement i 2008, mot 58 året før. Vel 440 utøvarar stod for det kunstnarlege og faglege innhaldet.

1.8 Kafé, utleige, butikk

Kafeen og butikken voks vidare også i 2009. Omsetninga auka med 4 % til 1 697 000 kr. Drifta gav eit samla overskot på 162 000 kr, mot 231 000 kr året før.

Kafeen dreiv endå meir kostnadseffektivt enn før, og butikken gjorde særleg suksess med Ivar Aasen-boksar.

1.9 Samla resultat 2000–2009

Til no har vi hatt 186 000 gjester og 2 298 000 nettstadbrukarar. 2,5 millionar personar har altså nytta tilboda våre. Etter ti driftsår har verksemda elles resultert i dette:

- 61 600 bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar i samlingane
- 1793 arrangement med 7000 utøvarar
- 24 temautstillingar har vore lånte ut som vandreutstillingar 116 gonger i 18 fylke
- 9500 tekstdokument på nettstadene ved årsskiftet
- Arrangement og utstillingar i 110 kommunar i 18 fylke
- 386 turnéframsyningar av elevprogramma *Det undrande språket* og *Katta i sekken* for 10 884 elevar og lærarar
- Ein av fire gjester er barn eller unge

2. Visjon og oppgåver

Styret fastsette i 2007 eit visjonsdokument for Nynorsk kultursentrum. I si årlege drøfting i 2009 gjorde styret ingen endringar.

2.1 Visjon

Nynorsk, sjølvsagt, når som helst og kor som helst. Vi er drivne av visjonen om eit samfunn der det er sjølvsagt å vere og bli verande nynorskebrukar, og der det er sjølvsagt at nynorsk kan brukast i alle situasjonar.

2.2 Verdier

Ekte, modig, overraskande. Verdiane viser kven vi er, kva vi vil vere og kva som pregar det daglege arbeidet vårt: Vi utfordrar fordommar om norsk språkpolitikk, vi ønskjer å overraske ved å sjå etter nye løysingar på gamle spørsmål, og publikum skal vite at vi er til å stole på.

2.3 Forretningsidé

Kunnskap og opplevingar som gjer det lettare å vere nynorskebrukar. Driftsgrunnlaget vårt er å vere

den viktigaste formidlar av nynorsk identitet og sjølvtilitt. Det vi gjer undervegs til visjonen, skal auke den allmenne toleransen og respekten for nynorskbrukarane.

2.4 Merkevarer

Ivar Aasen. Alle som har gått i norsk skule har eit bilete av Ivar Aasen, ingen kan fortelje hans historie på den måten vi kan, og signaturen hans pregar hovudbygningen vår. Alt spring ut frå Ivar Aasens liv og verk, han representerer summen av verdiane våre og var den første som formulerte visjonen.

2.5 Mål

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

2.6 Mål 2009–2012

Ein kulturinstitusjon i dialog med mange land.

Dette gir retninga for verksemda fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

2.7 Slagord

Ivar Aasen-tunet – målet for alle. Slagordet har vore i bruk sidan sommaren 1999.

2.8 Strategi

Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar eller ein kompetent og konstruktiv samarbeidspartnar. Dette inneber at

- a) Ivar Aasen-tunet skal vere målet for alle og ein attraktiv stad for fagleg baserte tilbod av typen arrangement og utstillingar,
- b) Dei nynorske festspela skal vere ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen,
- c) www.aasentunet.no skal vere den beste nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur.

Vi lykkast best ved å kombinere lokale, nasjonale og internasjonale perspektiv. Vi har svært vide samarbeidsflater, blir oppfatta som ein offensiv, påliteleg og løysingsorien-

tert aktør, og verksemda vår er mindre stad-bunden enn hos dei fleste abm-institusjonane. Kvart år gir vi ulike publikumstilbod ei rekkje stader i landet i form av kulturprogram eller utstillingar.

Vi legg til grunn at ein nasjonal muse-umspolitikk treng eit knippe museum som kvar for seg og til saman kan tryggje fagleg kompetanse på nasjonalt nivå. For vår del er dette forankra i dei stortingsdokumenta som låg til grunn for stortingsvedtaket i 1995 om å skipe Ivar Aasen-tunet som eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter. Dette er seinare stadfesta og utdjupa i ei rekkje offentlege dokument.

Nynorsk kultursentrum satsar på varige tiltak for kulturelt og språkleg mangfald. Vi legg stor vekt på å gi mykje tilbake til fellesskapen og vere til nytte for mange. Vi skal fylle både ei lokal, ei regional og ei nasjonal rolle. Institusjonen ønskjer å spele ei konstruktiv rolle i samarbeidet mellom arkiv, bibliotek og museum, og er blitt viktig både i nasjonale og regionale nettverk.

Vi går inn i det 11. driftsåret for tun, festspel og nettstader med fagleg ekspansjon, fornya formidling og digital kvardag som strategiske grep.

Ei systematisk, fagleg gjennomtenkt og utoverretta samlingsforvalting er grunnlaget for heile verksemda.

2.9 Viktige uløyste oppgåver

Nynorsk kultursentrum er blitt ein institusjon til å rekne med, og berre vi sjølve kan syte for at vi blir verande ein slik institusjon. Dei forventningane og behova vi møter, gjer det nødvendig å arbeide slik at vi kan tilfredsstille dei auka krava til kvalitet på tenesene og tilboda våre som følgjer av dette. Vi prioriterer tiltak ut frå visjonsdokumentet.

Ei kunnskapsverksemd som vår må leve med at ambisjonane er høgare enn det vi faktisk maktar å gjennomføre. Dette blir i vårt tilfelle forsterka av at svært mange oppgåver må løysast for at det skal bli sjølvsagt å bruke nynorsk når som helst, kor som helst.

Så godt som alle nynorskinstitusjonar er små og har liten tilgang til privat kapital. Dei har dermed dårlege føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kom-

mersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje. Vi er ein konsekvent tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar.

Nynorsk kultursentrum er no rusta til å utvikle seg på fleire område og bli ein større organisasjon. Dette kan skje ved knoppskyting, etablering av fleire selskap som Allkunne, og ved at fleire museum blir avdelingar på linje med Ivar Aasen-tunet. Hausten 2009 tok Olav H. Hauge-stiftinga initiativ til ei mogleg konsolidering med oss. Denne prosessen blei formalisert vinteren 2010.

Den største oppgåva for Nynorsk kultursentrum i tida framover er å gjere 2013 til ei raus og inkluderande feiring av språklege skilnader og kulturelt mangfald i Noreg. På den måten får 200-årsjubileet for Ivar Aasen og 100-årsjubileet for Det Norske Teatret ei kulturpolitisk sterk overbygning.

Styresmaktene har mykje dei må ha gjort for å skape røyndom av den systematiske styrkinga av nynorsk skriftkultur som Stortinget føresette i 2004. Eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg i 2009 til hovudlinjene i språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg.

Dermed er det offisiell politikk å følgje prinsippet nynorsk, som Nynorsk kultursentrum første gongen formulerte i årstale nr. 5 i 2005. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med der språk blir tematisert. Dette føreset tre overordna strategiar:

- Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt
- Born og unge må få meir nærkontakt med nynorsk
- Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege

Særleg gjeld det å følgje opp dei tiltaka, prosjekta og oppgåvene som er omtalte i kap. 12 i administrasjonens årsrapport. Det trengst ein nynorsk tiltakspakke 2010–2013, mykje større og øymerkte nynorsktiltak, og mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda. Nynorsk kultursentrum har i fleire årstalar dokumentert kor liten valfridomen er for dei som vil ha lesestoff på nynorsk. Det er svært nødvendig å utvikle mest mogleg trykt og digitalt lesestoff i ulike sjangrar og om ulike emne for born og unge.

Vi prioriterer desse oppgåvene:

1. Gjere *Allkunne* til eit allment og fullgodt digitalt oppslagsverk.
2. Følgje opp dei språkpolitiske prinsippa i språkmeldinga *Mål og mening*
3. Utdjupe, presisere og målrette dei viktigaste tiltaka i meldinga
4. Utvide verkeområdet for mållova
5. Styrkje tilbod på nynorsk og dialekt for born i massemedia og barnehagar
6. Løyse læremiddelsaka ein gong for alle frå og med skuleåret 2009/2010
7. Realisere planane for Jon Fosse-arkivet
8. Utvikle Ivar Aasen-instituttet til eit større og breiare forskingsmiljø i tett samarbeid med Ivar Aasen-tunet
9. Utvikle Nynorsk kultursentrum til ein større kulturinstitusjon

Det er nødvendig å utvikle ein ny, overordna, framtidsretta argumentasjon for nynorskens plass i landet. Drøftingane i styre og råd, arbeidet i Nynorsk Forum, dokumentert kunnskap om språkbruk og ikkje minst årstalane om tilstanden for nynorsk skriftkultur gir på kvar sine måtar bidrag til ein slik argumentasjon.

3. Drift

Med ei omsetning på 13 669 000 kr blei 2009 eit svært aktivt driftsår med mange nye tiltak og tilbod. Dette gav ei sterk og nødvendig resultatforbetring. Driftskapitalen er framleis mindre enn den bør vere. Målet er å etablere drifta med ein eigenkapital på om lag 1 million kr. Det treng vi for å tole svingingar over tid. Nødvendige vedlikehaldsoppgåver blei gjennomførte i 2009.

Forretningsideen er basert på ei mangslungen verksemd med høg kvalitet som kjennemerke.

3.1. Resultat

Omsetninga i 2009 var på 13,7 millionar kr mot 13,3 millionar kr året før. Rekneskapen syner eit overskot på 317 000 kr etter finansinntekter, mot eit underskot på 231 000 kr i 2008. Den positive eigenkapitalen auka dermed til 572 000 kr.

3.2 Tilknytt selskap

Nynorsk kultursentrum eig 50 % av aksjane i det tilknytte selskapet Allkunne AS, og Det Norske Samlaget resten. Aksjekapitalen er på 100 000 kr. Føremålet er å utvikle og drive digitale kunnskapsbasar på nynorsk. www.allkunne.no blei opna 20.10.2009.

3.3 Administrasjon

Vi hadde medarbeidarar i 11 faste stillingar og engasjementsavtalar med 29 andre medarbeidarar som i alt utførte 13,1 årsverk.

Det samla sjukefråværet for fast tilsette utgjorde 9,9 % av den samla arbeidstida, mot 5,1 % i 2008. Grunnen er tre langtidsfråvær.

Nynorsk kultursentrum fører ein målretta likestillingspolitikk som gir resultat. Tre av sju styremedlemmer i 2009 var kvinner, og rådsordføraren var kvinne. I leiargruppa sat ei kvinne og tre menn, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2009 seks kvinner og fem menn. Ved nyttilsetjing prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjonar, men vi ser også til at det over tid blir verande eit balansert forhold mellom tal på kvinner og menn i staben, på same måten som vi ønskjer variasjon i alder, geografi, sosial bakgrunn og fagprofil.

Frå 1.1.2009 gjeld lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Alle krav i lova gjeld ikkje for verksemda vår, men Ivar Aasen-tunet skal gjere det som er mogleg og føremålstenleg for å oppfylle krava i lova. I 2009 fremja vi føremålet i lova særleg ved at vi utbetra den

fysiske universelle tilkomsten til hovudbygningen, utekafeen, utescena og Galleriet.

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2009. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum har i 2009 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

3.4 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på 230 000 kr. Denne kapitalen står på renteberande konto i Sparebank1 Volda Ørsta.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2009.

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilete av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kr.

	2007	2008	2009
Omsetning	12 114	13 316	13 669
Resultat	77	-231	317
Eigenkapital	486	255	572

4. Disponering av resultat

Årsoverskotet på 316 711 kr blir lagd til eigenkapitalen. Etter dette hadde stiftinga ved årsskiftet ein eigenkapital på 572 016 kr.

Hordebygda, 31. desember 2009/24. mars 2010

Oddvar Haugland, *leiar*

Georg Arnestad

Sigrun Høgetveit Berg

Jon Fosse

Målfrid Snørteland

Margit Walsø

Gaute Øvereng

Ottar Grepstad, *direktør*

RESULTATREKNESKAP for 2009

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER

	Note	2009	2008
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	10 567 591	9 773 893
Sal av varer		1 805 865	2 074 714
Billettsal		612 499	767 869
Sponsorinntekter og annonser		454 920	532 211
Andre inntekter		228 728	167 195
Sum driftsinntekter		13 669 603	13 315 883
Varekostnader		839 593	830 380
Lønskostnader m.m.	4	6 900 431	6 427 896
Leigekostnader		179 532	205 358
Utstyr og driftsmateriell, straum		995 983	1 007 722
Reparasjonar og vedlikehald		412 168	438 462
Reise/opphald		977 690	1 086 574
Honorar	4	1 022 183	1 415 433
Marknadsføring		732 424	884 933
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		747 883	582 614
Ordinære avskrivningar	6	104 666	129 774
Andre driftskostnader		508 820	619 546
Sum driftskostnader		13 421 374	13 628 691
Driftsresultat		248 229	-312 808

FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER

Renteinntekter		75 102	89 737
Rentekostnader		-6 619	-7 707
Netto finanspostar		68 483	82 030
Resultat før ekstraord. inntekter og kostnader		316 711	-230 778
Årsoverskot (+) / Årsunderskot (-)		316 711	-230 778

OPPSKRIVINGAR OG OVERFØRINGAR

Overførningar annan eigenkapital	5	316 711	-230 778
Sum oppskrivningar og overførningar		316 711	-230 778

BALANSE per 31. desember
Stiftinga Nynorsk kultursentrum


EIGEDLAR	Note	2009	2008
Anleggsmiddel			
Utekafé, -scene og stabbur, ny veg	6	1 634 454	695 384
Datautstyr	6	-	491
Inventar og utstyr	6	117 589	158 976
Aksjar i tilknytta verksemd	7	50 000	50 000
Sum anleggsmiddel		1 802 043	904 851
Omløpsmiddel			
Varelager	3	309 621	305 836
Kundar	2	118 109	98 309
Andre krav	2	594 796	984 662
Bank, kasse (bundne midlar: 208.794)		1 577 836	615 263
Sum omløpsmiddel		2 600 361	2 004 069
SUM EIGEDLAR		4 402 404	2 908 921

BALANSE per 31. desember Stiftinga Nynorsk kultursentrum

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2009	2008
Eigenkapital			
Grunnfond		230 000	230 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>230 000</u>	<u>230 000</u>
Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-)		342 016	25 305
Sum eigenkapital	5	<u>572 016</u>	<u>255 305</u>
 Langsiktig gjeld			
Banklån		0	0
Sum langsiktig gjeld		<u>0</u>	<u>0</u>
 Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 059 418	460 819
Trekk og offentlege avgifter		371 327	389 414
Påkomne kostnader	7	1 150 740	1 207 388
Periodiserte tilskot		1 248 903	595 994
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 830 388</u>	<u>2 653 617</u>
 Sum gjeld		<u>3 830 388</u>	<u>2 653 617</u>
 SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>4 402 404</u>	<u>2 908 921</u>

Ørsta, 31.12.09
24.03.2010


I styret for
STI Nynorsk kultursentrum


Oddvar Haugland

styreleiar


Georg Arnestad

styremedlem


Målfrid Snørteland

styremedlem


Sigrun Høgetveit Berg

styremedlem


Gaute Overeng

styremedlem


Jon Fosse

styremedlem


Margit Walsø

styremedlem


Ottar Grepstad

direktør


Arvid Hovden
statsautorisert revisor

Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet
frå Kultur- og kyrkjedepartementet er nytta i samsvar med
føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.

NOTAR for 2009

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følgje av renteendring.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar.

Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1

Offentlege tilskot

	2009	2008
Kultur- og kyrkjedepartementet	10 090 000	9 090 000
Tilskot frå Møre og Romsdal fylke	85 000	81 000
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	110 000	110 000
Tilskot Norsk Kulturråd	0	75 000
Andre offentlege tilskot	112 291	0
Andre tilskot	170 300	417 893
Sum tilskot	10 567 591	9 773 893

Note 2

Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Note 3

Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 4

Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

	2009	2008
Lønskostnad	5 212 753	4 943 481
Folketrygdavgift	839 076	793 185
Oppg.pl. honorar	317 487	395 596
Pensjonsytingar	295 651	239 018
Andre ytingar	235 464	56 615
	6 900 431	6 427 896
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	13,1	13,4

NOTAR for 2009

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styreleiar	Styre- medlemmer
Løn, honorar og liknande	674 384	50 000	76 228

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2009 utgjer kr 23.500,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 22.700,- u/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 11 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 5

Eigenkapital

	2009	2008
Grunnkapital 31.12.	230 000	230 000
Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 01.01.	25 305	256 083
Årsresultat	316 711	-230 778
Sum annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 31.12.	342 016	25 305
Sum eigenkapital 31.12.	572 016	255 305

Note 6

Tilskot til inventar/utstilling og bygg	Inventar/ utstilling	Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/Veg	Bygg	Sum
Kostpris 01.01.	9 928 301	4 337 241	43 800 000	58 065 542
+ Tilgang Veg - Gamletunet	19 964	1 211 894	0	1 231 858
- Tilskot Det kongelige kultur- og kyrkjedep.	0	-230 000	0	-230 000
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-8 824 041	-3 584 500	-43 800 000	-56 208 541
Akk. avskrivingar 31.12.	-1 006 635	-100 181	0	-1 106 816
Bokført verdi 31.12	117 589	1 634 454	0	1 752 043
Avskrivingar i år	61 842	42 824	0	104 666
Avskrivingssats	10-20%	10 %		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarande sum som tilskot.

Note 7

Aksjar i tilknytta selskap

Stiftinga har teikna 50% av aksjane i Allkunne AS som har forretningskontor i Ørsta kommune. Selskapet blei skipa 20.08.2008. Årsrekneskapen for 2008 syner eit overskot på kr 697.951 og sum eigenkapital på kr 797.951 per 31.12.2008. Årsrekneskapen for 2009 er ikkje ferdigstilt per d.d. STI Nynorsk Kultursentrum har ei kortsiktig gjeld på kr 514.422 per 31.12.2009. Aksjane er bokførde til kostpris.

Til styret i Stiftinga Nynorsk kultursentrum

REVISJONSMELDING FOR 2009

Vi har revidert årsrekneskapen for Nynorsk kultursentrum for rekneskapsåret 2009, som syner eit årsoverskot på kr 316.711,-. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av årsoverskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar i stiftinga. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samhøve med revisorlova og lov om stiftingar.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna revisjonsstandarar vedtekne av den Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i stiftinga. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter, og gir eit rettvisande bilete av stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret som er i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegget til bruk av årsoverskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.
- Stiftinga er forvalta og utdelingar er gjennomførde i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, den 24. mars 2010

Hovden & Vatne



Arvid Hovden
statsautorisert revisor

HOVUDKONTOR:	AVD. KONTOR	
Ørsta, Strandgt. 7 Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00 • Faks: 70 04 59 01	Volda, Storgt. 8 Postb. 345, 6101 Volda Tlf.: 70 07 69 33	Eid, Lotevegen 21 Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16

ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT

1. Organisasjon

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Dei nynorske festspela
- Nettstadene www.aasentunet.no,
www.garborgnett.no
www.tunkatten.no

I 2009 utførte 41 lønte medarbeidarar i alt 12,9 årsverk, og frivillige stod for 0,2 årsverk. Vi følgde opp medlemskapar i 14 institusjonar og organisasjonar, og tilsette hadde verv i 20 styre og råd. Vi leidde arbeidet i tre forum og nettverk, og hadde som før om åra jamleg kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemdar.

1.1 Råd

21 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar utnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet har vedteke at rådsmedlemer ikkje bør sitje lenger en åtte år, og har oppmoda stiftarane om å sikre god balanse mellom kjønna. I 2009 arbeidde vi mykje med å sikre at utnemningane er i tråd med vedtektene.

Rådet hadde desse medlemene i 2009 (utnemningsperiode i parentes):

Kommunar og fylkeskommunar

Hordaland fylkeskommune: Mette Holme-fjord Olsen (2007–2011), vara Olav Steinar Namtvedt (2009–2011)

Møre og Romsdal fylke: Reidun Klock Tjervåg (2003–2011), vara Olav Hauge (2007–2011)

Rogaland fylkeskommune: Jarle Braut (2007–2011), vara Ragnhild Osmundsen (2007–2011)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Liv Henjum (2007–2011), vara Finn Førsund (2007–2011)

Volda kommune: Gunnar Strøm (1999–2007)/ Jan Henning Egset (2009–2011), vara Reidun Heimen Heltne (2003–2007)/ Hilde Osdal (2009–2011)

Ørsta kommune: Jostein O. Mo (2008–2011), vara Hjørdis Almelid Vikenes (2008–2011)

Forskiings- og utdanningsinstitusjonar

Ivar Aasen-instituttet: Odd Monsson (2008–2009), vara Stephen J. Walton (2006–2009)

Høgskulen i Volda: Terje Aarset (2006–2009), vara Reidun Aambø (2003–2007)

Møreforsking: Gunnar Stave (2009–2010), vara Geir Tangen (2006–2010)

Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–2010), vara Einar Opsvik (2009–2010)

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet: Gunnar Foss (2005–2007), vara Steinar Gimnes (2005–2007)

Universitetet i Bergen: Johan Myking (2005–2010), vara Knut S. Vikør (2005–2010)

Universitetet i Oslo: Rolf Theil (2005–2010), vara Ålov Synnøve Runde (2009–2010)

Universitetet i Tromsø: Gulbrand Alhaug (2008–2009), vara Aud Kirsti Pedersen (2008–2009)

Kulturinstitusjonar

Det Norske Samlaget: Audun Heskestad (2006–2009), vara Guri Vesaas (2006–2009)

Det Norske Teatret: Ola E. Bø (1993–), vara Kristin Eikli (1993–)

Sunnmøre Museum: Norvald Øye (2007–2009)/ Kari Hasle (2009–2010), vara Heidi Thöni Sletten (2007–2010)

Målrørsle

Noregs Mållag: Grete Riise (2001–2009), vara Steinulf Tungesvik (2001–2009)

Noregs Ungdomslag: Aud Solveig Malmedal (2008–2009)/ Jens Kihl (2009–2011), vara Gunhild Berge Stang (2008–2009)/ Aud Solveig Malmedal (2009–2011)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Jan Magne Dahle (2003–2011), vara Vidar Høviskeland (2001–2009)/ Astrid Myran Aarvik (2009–2011)

Vestmannalaget: Svein E. Kvamsdal (2000–2009)/ Ingvar Pilskog (2009–2012), vara Kjell Inge Bjørke (2000–2009)/ Sissel-Anny Hjelmtveit (2009–2012)

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
2. Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje som bindande pålegg til styret.
3. Oppnemne to styremedlemer med varamedlemer til styret i Nynorsk kultursentrum.
4. Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrum.

I tillegg drøftar rådet aktuelle faglege spørsmål etter behov.

Rådsordførar var Grete Riise. Ottar Grepstad var sekretær.

Rådet hadde to vanlege møte og eit telefonmøte og handsama i alt 20 saker, mot 23 året før. Utanom tilsynsfunksjonen var dei viktigaste sakene årstalen, språkmeldinga, jubileumsstrategi 2013 og stortingsvalet.

Under møtet i Oslo i april vitja rådet Nasjonalmuseet Arkitektur, og Ola E. Bø og Jan Magne Dahle fortalde om samarbeidet med Sverre Fehn i åra 1996–2000.

1.2 Styre

Styret har sju medlemer. Staten v/Kultur- og kyrkjedepartementet utnemner fire medlemer og to varamedlemer i nummerert rekkefølge, rådet vel to medlemer og éin varamedlem, og dei tilsette vel éin medlem og éin varamedlem. Styret i 2009 var:

Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet 28.4.2006–31.12.2009

Oddvar Haugland, Oslo, leiar (utnemnd første gongen 2006)

Målfrid Snørteland, Hafrsfjord (utnemnd første gongen 2004)

1. varamedlem: Astrid Forland, Bergen (utnemnd første gongen 2006)

Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet 1.1.2008–31.12.2011

Georg Arnestad, Sogndal (utnemnd første gongen 2008)

Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø (utnemnd første gongen 2008)

2. varamedlem: Bente LaForce, Hamar (utnemnd første gongen 2008)

Vald av rådet 1.1.2008–31.12.2011

Jon Fosse, Bergen (vald første gongen 2008)

Valde av rådet 1.1.2006–31.12.2009

Margit Walsø, Oslo (vald første gongen 2002)

Varamedlem for rådsvalde styremedlemer: Terje Kjøde, Ørsta (vald første gongen 2006)

Vald av dei tilsette 1.1.2008–31.12.2009

Gaute Øvereng, Volda (vald første gongen 2008) med vara Åshild Widerøe, Volda (vald første gongen 2008)


Rådsordførar Grete Riise møtte som observatør på møta.

Styret hadde fire vanlege møte og eit telefonmøte, og handsama i alt 64 saker, mot 69 året før. Utanom budsjett, søknad om statstilskot, rekneskap og årsmelding var dei viktigaste sakene anlegget Ivar Aasen-tunet og tilkomstveg, visjon og verdiar, Språkåret 2013, Vinjefondet og langtidsplanar for ulike delar av drifta.

1.3 Administrasjon

I 2009 hadde Nynorsk kultursentrum arbeidsavtale med 41 medarbeidarar, som året før. Desse utførte 13,1 årsverk mot 13,4 i 2008. Av dette stod dei fast tilsette for 10,3 årsverk, mot 10,7 i 2008.

Figur 1. Årsverk 2000-2009



Desse 12 var fast tilsette eller tilsette i vikariat i 2009:

- Ottar Grepstad, direktør
- Kjersti Markegård Bae, formidlingsleiar
- Magni Hjertenes Flyum, administrasjonssjef
- Milan Ilic, kjøkkenleiar
- Knut-Johann Skogstrøm Jørgensen, driftsleiar
- Kirsti Langstøyl, bibliotekleiar
- Endre Lauvstad, vikar driftsleiar (frå 15.12.).
- Ingrid I. Opedal, tunvert
- Åshild Widerøe, programansvarleg
- Gaute Øvereng, informasjonsleiar
- Anders Aanes, engasjement dokumentasjonsleiar
- Oddny Nupen Aarflot, administrasjonssekretær

Desse 25 var tilsette i engasjementsstillingar og utførte 4435 timeverk i 2009, mot 3988 timeverk året før:

- Marit Lid Bjerkvik
- Maria Bjørlykke
- Cato Brunstad
- Anne F. A. Guldbrandsen
- Eirik Helleve
- Eli Randi Henjum
- Zorica Kujačić
- Ingrid Aasen Lødemel
- Stina Aasen Lødemel
- Anne Tørudstad Mork
- Lars Ivar Nordal
- Øystein H. Opedal
- Åsmund H. Opedal
- Ingeborg Widerøe Rotevatn
- Solveig Skrede

- Sissela Stråbø
- Grunde Andreas Grepstad Thorheim
- Anne Marta Vinsrygg Vadstein
- Siri Beate Velle
- Camilla A. Vik
- Birte Ytrestøyl
- Aslaug Marit Øyehaug
- Åsne Burgess Øyehaug
- Heidi Ørstavik
- Åsne Kalland Aarstad

Desse fire var engasjerte til elevframsyningane *Det undrande språket* og *Katta i sekken*:

- Unn Catodotter Fyllingsnes
- Runar Gudnason
- Eirik Helleve
- Aslak Strønen

Det samla engasjementet for desse utgjorde 80 dagsverk eller 720 timar, mot 146 dagsverk året før. I tillegg utgjorde tilboda i Den kulturelle skulesekken lokalt 16 eksterne dagsverk.

Frivillige utførte 0,2 årsverk, som i 2008.

Tidsbruken for utøvarar på opne arrangement er ikkje rekna med.

1.4 Verneombod

Oddny Nupen Aarflot var fungerande verneombod i 2009.

1.5 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS v/Arvid Hovden.

1.6 Stiftingar og aksjeselskap

Nynorsk kultursentrum er støttetiftar i Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007–2011.

Nynorsk kultursentrum eig aksjar for 50 000 kr i Allkunne AS.

1.7 Lokalt lønssystem og avtale om inkluderande arbeidsliv

Nynorsk kultursentrum og Forskarforbundet har avtale om eit lokalt lønssystem som gjeld for alle tilsette, og som byggjer på alternativ B i museumsovereinkomsten i Handels- og Servicenæringenes Hovedorganisasjon.

Nynorsk kultursentrum har signert samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv med Arbeids- og velferdsetaten. På denne måten systematiserer vi arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø betre.

1.8 Medlemskapar

Nynorsk kultursentrum var i 2009 medlem av desse 14 institusjonane og organisasjonane:

- Nynorsk Forum (frå 1997)
- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal, MIMR (frå 2000)
- Norsk Kulturhusnettverk, NKN (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)
- ICOM Norge (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv, LLP (frå 2003)
- Norsk bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Norske festivaler (frå 2005)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)
- Handels- og Servicenæringenes hovedorganisasjon, HSH (frå 2008)
- Norsk Barneblad (frå 2008)

1.9 Verv og representasjon

- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Fagråd ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa: Ottar Grepstad (2005–2010)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)
- Utdanning i Volda: Ottar Grepstad (2005–)
- Fagrådet for Ivar Aasen-instituttet: Øyvind Glosvik (2006–2008)
- Styringsgruppe for hundreårssoga til Det Norske Teatret: Ottar Grepstad (2006–)
- Språkrådet: Ottar Grepstad, styremedlem (2006–2010)
- Styret i Musea i Møre og Romsdal: Ottar Grepstad, styremedlem (2007–2009)

- Styret i Norske Festivaler: Åshild Widerøe, varamedlem (2007–2009)
- Rådet for Falturiltu barnelitteraturfestival: Magni Hjertenes Flyum (2008–)
- Styret i Ørsta Reiselivslag: Magni Hjertenes Flyum (varamedlem frå 2008)
- Fehn-forum: Magni Hjertenes Flyum (leiar), Ottar Grepstad (2008–)
- Redaksjonen i Allkunne: Ottar Grepstad, hovudredaktør (2007–), Kirsti Langstøyl, redaksjonsmedlem (2007–)
- Styret i Allkunne AS: Magni Hjertenes Flyum (styremedlem 2008–)
- Litteraturnettverket: Ottar Grepstad (leiar), Anders Aanes, Kirsti Langstøyl (2008–)
- Interimstyret Jon Fosse-arkivet: Ottar Grepstad (2008–)
- Styret i Norsk Barneblad, Magni Hjertenes Flyum (styremedlem 2009–2011), Gaute Øvereng (varamedlem 2009–2011)
- Rådet i Norsk Barneblad: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (vararådsordførar 2009–2011)
- Styret i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre Magni Hjertenes Flyum, styremedlem (2009–2011)
- Styret i Norsk bibliotekforening, avd. Møre og Romsdal: Kirsti Langstøyl, styremedlem (2009–2011)

1.10 Nynorsk Forum

Nynorsk Forum er eit samarbeidsorgan for 24 nasjonale, nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter. Forumet arbeider særleg med erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samordning av tiltak, ikkje minst prioriteringar i dei årlege statsbudsjetta. Nynorsk kultursentrum leidde også i 2009 arbeidet.

Nynorsk Forum hadde fire møte i 2009 og handsama i alt 35 saker. Dei viktigaste sakene var nynorskprioriteringar i statsbudsjettet, oppfølging av språkmeldinga, nettstrategi, tiltaksplan for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, og situasjonen ved Ivar Aasen-instituttet.

1.11 Fehn-forum

Seks museum har byggverk skapte av Sverre Fehn. Desse ligg i Horten, Oslo, Hamar, Alvdal, Ørsta og Fjærland. Musea møtest minst ein gong i året, og administrasjonssjef Magni Hjertenes Flyum leier forumsarbeidet. Føremålet er å sikre erfaringsutveksling for førebyggjande tiltak, utvikle kompetanse, samarbeide om marknadsføring og eventuelt utvikle felles produkt.

Forumet hadde eitt møte på Hedmarksmuseet Domkirkeodden 22.–23.4.

1.12 Litteraturnettverket

I samsvar med avtale med ABM-utvikling etablerte Nynorsk kultursentrum 7.11.2008 Litteraturnettverket. Dette skal utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrker litteraturens plass i Noreg. Ved årsskiftet var 15 litterære museum med. Nettverket hadde to møte i 2009.

1.13 Ivar Aasen-instituttet

For Nynorsk kultursentrum er Ivar Aasen-instituttet ein vedtektsfesta samarbeidspartnar. Omfanget av samarbeidet vil variere over tid, og i 2009 hadde vi få fellestiltak.

1.14 Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa rettar seg først og fremst inn mot lærarar, Nynorsk kultursentrum mot elevane. Denne arbeidsdelinga blei praktisert også i 2009, men utan fellesprosjekt.

1.15 Andre samarbeidspartnarar

Nynorsk kultursentrum representerer ein komplett abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det som truleg er det eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt

fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder som er spreidde på mange fylke landet over. Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk.

Denne utoverretta verksemda kravde svært mykje arbeids- og reisetid i 2009.

1.16 Planar som styringsreiskap

Nynorsk kultursentrum har utvikla og reviderer regelmessig desse ni langtidsplanane som styringsdokument for verksemda (siste vedtak i parentes):

- Sikring og bevaring (2009)
- Samling og dokumentasjon (2009)
- Utstilling og formidling (2009)
- Nettstader (2007)
- Dei nynorske festspela (første gong 2008)
- Kulturprogram (første gong 2009)
- Marknadsføring og informasjon (2009)
- Butikk (2009)
- Kafé (2008)

Alle planane blir drøfta og godkjende av styret, dei fleste med to års mellomrom.

2. Staden

Med Ivar Aasen-tunet rår Nynorsk kultursentrum over eitt av dei vakraste museumsanlegga i landet. Vi legg stor vekt på å utføre reparasjonar og ved jamleg vedlikehald ta vare på denne unike staden.

Hausten 2009 vart tilkomstvegen utbetra og asfaltert, og Josten Nerbøvik-plassen oppgradert, i tråd med teikningar frå arkitektane Hille & Strandskogen.

I alle utbetringar inne og ute rådfører vi oss med arkitekt for å vere sikre på at løy-

singane blir optimale både fagleg og økonomisk.

2.1 Uteområdet

Nynorsk kultursentrum eig fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byr på ein autentisitet som gjer sterkt inntrykk på mange.

Storebjørka i Aasen-tunet var det nynorske tunteet, og ved sida av Kongebjørka i Molde den mest kjende bjørka i landet. Den gamle bjørka blei teken ned i 2005, men då var Biri planteskole alt i gang med å klone genetiske kopiar. H.K.H Kronprins Haakon planta i 2008 ei slik bjørk på same staden som den gamle stod. Denne bjørka greidde seg ikkje gjennom den første vinteren. Våren 2009 planta vi ein kopi som såg ut til å trivast då snøen kom.

2.2 Bygningar og anlegg

Hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet er heidra med A. C. Houens fonds diplom for framifrå byggjekunst. Dette er både ein av dei vakraste bygningane i landet og ein komplisert bygning med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn blei prioritert høgt også i 2009.

Stabburet skriv seg truleg frå før 1800 og er det einaste huset frå Ivar Aasens tid som enno står i tunet. I 2009 fekk det nytt tak i samsvar med antikvariske retningslinjer. Planen var å tømme stabburet i 2009 og opne det for publikum. Det kan vere nødvendig å forsterke golvet. Nødvendige utbetringar skal følgje antikvariske retningslinjer, og sjølv om arbeidet er nokså avgrensa, gjorde både tidspress og økonomi at vi utsette saka til 2010.

I spørsmål kring utbetring og vedlikehald hadde vi også dette året kontakt med arkitektfirmaet Hille & Strandskogen. Henrik Hille og Ervin Strandskogen var dei næraste medarbeidarane for Sverre Fehn i arbeidet med Ivar Aasen-tunet 1996–2000. Samarbeidet sikrar at særtrekka i tunet blir førte vidare og ikkje skipla.

2.3 Tilkomstveg og plass

Jostein Nerbøvik-plassen og tilkomstvegen frå Indrehovdevegen blei ombygd og utbetra for 1,3 millionar kr.

Den opphavlege planen var å forbetre vegen ved asfaltering og med det lette vedlikehaldet av vegen, forenkle tilkomsten og redusere slitasjen på golv i hovudbygningen.

Arbeidet med å førebu prosjektet avdekte eit heilt anna og tyngre behov. Det viste seg at tilkomstvegen frå parkeringsplassen ikkje var dimensjonert for den type trafikk vi hadde av bilar, bussar og varelevering. Vegen var difor nedkøyrd, og ein del grunnarbeid måtte gjerast på nytt.

Rådgivande ingeniørfirma Per Mølvik AS prosjekterte dette vegarbeidet. For at løysinga ikkje skulle bryte med hovudbygningen og omgivnadene, var arkitektane Hille & Strandskogen med som rådgivarar. Dei teikna ei løysing for tunet og Jostein Nerbøvik-plassen som både gav ein vakrare plass og lettare tilkomst, utan at det blei lagt asfalt heilt inn til hovudbygningen. Sverre Fehn ville i si tid ha gruslagd veg og parkeringsplass, og løysinga er tilpassa dette.

Volda Maskin fekk anbodet på prosjektet med utbetring/opprustning av tilkomstveg, asfaltering av tilkomstveg og tun, muring i natursteinmur, nedsetjing av kantstein i grannitt, vassleidningar og kummar, støyping av betongplattar m. m. armert gras. Dette innebar at også delar av gamlevegen blei utbetra..

Anleggsarbeidet tok til 5.10., og avtalt ferdigdato for asfaltering var 1.12. Vegen og plassen blei asfaltert 24.11., akkurat i tide før snøen kom. Resten av finpusinga må i alle høve vente til våren. Til dette høyrer å leggje felt med armert gras midt i vegbanen.

Plassen og vegen er blitt svært bra både estetisk og praktisk. Vegen er breiare, svingane mykje romslegare, vegkantane vakrare, og den nye tørrmuren mot Gamletunet er både ein studie i utsøkt maskinelt handverk og klok tenking frå arkitekt og byggjeleiar. Den universelle tilkomsten er nok ikkje heilt universell, men svært mykje betre enn før, og kan ikkje bli betre i den åssida vi ligg i utan at vi byggjer om tunet.

2.4 Forankring i vertskommunane

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og det har heile tida vore viktig for oss å ha nær kontakt med desse. Det blei diverre ikkje halde kontaktmøte ved vertskommunane i 2009.

Nynorsk kultursentrum samarbeider både med kommunar, skular og næringsliv i begge vertskommunane. Det er tydeleg at mange ser på oss som ein viktig institusjon.

3. Dokumentasjon, forskning og formidling


Dokumentasjons- og formidlingsarbeidet var svært utoverretta også i 2009, og vi var involverte fleire stader og i fleire prosjekt enn nokon gong før. Dette kravde mykje av dei tilsette, men gjekk ikkje ut over kvaliteten.

Samlingane i Ivar Aasen-tunet auka med nær 4900 gjenstandar til 61 600, mot ein auke på om lag 600 gjenstandar i 2008.

Det viktigaste og største digitaliseringsprosjektet som blei ferdigstilt i 2009, var *Brev og dagbøker* av Ivar Aasen med alle merknader og opplysningar frå Reidar Djupedal.

Tilsette publiserte i 2009 61 artiklar, skrifter og foredrag, mot 47 i 2008. Direktøren heldt årstale nr. 9 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. *Valfridom på norsk* handla om det fleirkulturelle Noreg og kva tilbod born har av lesestoff. Tilsette representerte eller heldt foredrag ved 139 høve i 2009, mot 84 året før, jf. figur 2.

Figur 2. Representasjon og foredrag 2001-2009




Som grunnlag for ei meir systematisk samlingsforvaltning, vedtok styret i mars

2009 *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 2 2009–2011.*

3.1 Samlingsforvaltning


Gjennom året auka samlingane med 4900 gjenstandar. Den 1.1.2010 hadde vi såleis 61 601 gjenstandar. Figur 3 viser utviklinga frå 2000. Veksten i gjenstandar skriv seg primært frå digitale foto, som vi fekk 4530 fleire av.

Figur 3. Gjenstandar i alt 2000-2009



Omgrepet *gjenstandar* er brukt om tilvekst av trykte skrifter, arkivmateriale, audiovisuelle medium, tradisjonelle gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Av samlingane totalt var 16 169 gjenstandar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, mot 15 817 i 2008. 26 % av samlingane er no tilfredsstillande registrerte, mot 28 % i 2008. Figur 4 viser utviklinga frå 2002.

Figur 4. Gjenstandar tilfredsstillande registrerte 2002-2009



Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Samlinga av kulturhistoriske gjenstandar auka med 366 gjenstandar i form av 337 trykte skrifter, 5 av-medium og 24 tradisjonelle gjenstandar. Vi hadde ingen tilvekst av arkivmateriale, men i tillegg til alle fotografi kom det til fire kunsthistoriske gjenstandar. Fotografi var hovudsakleg frå

Dei nynorske festspela og gjenstandsfotograferinga av Ivar Aasens gjenstandar.

Biblioteket kjøpte i 2009 inn 152 trykte skrifter og 5 av-medium, og abonnerte på 58 tidsskrift og årbøker. Frå bibliotek, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk Nynorsk kultursentrum 192 trykte skrifter i gåve.

Biblioteket hadde totalt 361 utlån i 2009. Dette omfatta utlån til dei tilsette og til utstillingar frå eigne samlingar, utlån av litteratur innlånt frå andre bibliotek og utlån til andre bibliotek. Vi hadde 18 utlån til andre bibliotek, og sende frå oss 2 kopiar. I det daglege brukte dei tilsette svært mange skrifter frå samlingane.

Arbeidet med å registrere bøker og tidsskrift i BIBSYS-basen tok til i 2001. Talet på DOKID tilsvarar talet på eksemplar som er registrerte i basen. Ved utgangen av 2009 var det registrert totalt 13 512 DOKID i BIBSYS for biblioteket vårt, av desse blei 338 eksemplar katalogiserte i 2009.

Arbeidet med å registrere samlingane i Ivar Aasen-tunet er godt i gang, men det vil ta lang tid før alt er registrert. Den prioriterte delen av Djupedal-samlinga er ferdig registrert, hovudsakleg faglitteratur, periodika, særprent og småtrykk. Rundt 8600 band i Djupedal-samlinga er no å finne i BIBSYS. I tillegg kjem 4895 trykte skrifter og av-medium som er tilvekst til samlingane elles. Til saman blir dette rundt 13 500 band i BIBSYS. Oversyn over titlar og årgangar av aviser og blad i Aure-samlinga er publisert på nettstaden.

Av plassgrunnar fører vi ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgaver og arkivmateriale. Vi tok ikkje imot større samlingar eller arkiv i 2009.

3.2 Samlingar

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av eigne kjøp, gaver og fleire større delsamlingar. Status for dei viktigaste av desse er presenterte nedanfor.

Ivar Aasen-samlinga: 223 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Revidert og fullstendig katalog for boksamlinga er i arbeid og blir publisert på nettstaden i 2010. Då vi tok over Ivar Aasen-museet i 2000,

deponerte Sunnmøre Museum Aasen-samlinga for fem år i Ivar Aasen-tunet. Vi tok i 2005 initiativ til avtale om permanent overføring. Dette blei følgt opp av Sunnmøre Museum først i 2009, og av praktiske grunnar blei det då gjort ein ny deponiavtale. Det blir arbeidd med ei endeleg løysing i 2010.

Reidar Djupedal-samlinga: om lag 34 600 band. Samlinga inneheld bøker, særprent, småtrykk og periodika frå ulike fagområde, mest språk- og litteraturvitskap, på minst 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisk. Rundt 19 400 band er registrerte, medan vel 15 200 band er uregistrerte. I tillegg kjem 218 originale Aasen-dokument og 22 kartongar med avisclipp.

Sivert Aarflot-arkivet: over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasendokument. Arkivet har vore deponert i Ivar Aasen-tunet, og var avtalefesta fram til 2005. Dette blir følgt opp i 2010.

Delar av *Norsk boksamling*, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 147 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Ved overføringa frå Universitetsbiblioteket i Oslo/Nasjonaltbiblioteket i Oslo (NBO) var det meste av materialet uordna. Samlinga er ordna alfabetisk i tre kategoriar: skjønn- og faglitteratur, periodika og særprent. Samlinga inneheld også ein del avisclipp som er med å gjere klipparkivet i Ivar Aasen-tunet unikt. Deponiavtalen går ut i 2010, og spørsmålet om deponering av den andre delen av samlinga vil då bli eit tema.

Arkiv for norsk målreising: Peder Hovdans arkiv med 153 arkivboksar med avisclipp og noko anna materiale i ganske ordna former, og ein stor og svært innhaldsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i kommunar, skulekrinsar og kyrkjesokn fram til om lag 1950. Det Norske Samlaget eig arkivet, som var deponert på Universitetsbiblioteket i Oslo fram til hausten 2005, då samlinga blei frakta til Ivar Aasen-tunet for deponi her. Det Norske

Samlaget skal før 10.2.2011 vurdere ei permanent deponering av arkivet i Aasen-tunet. Arkivet blir ordna av oss når vi har kapasitet, og det er aktuelt å skanne ein del avisklipp til nettstaden.

Noregs Mållags avisklipparkiv 1983–2005: 155 kassetar og permar. Papirarkivet blei avslutta våren 2005 og først erstatta med digital klippteneste frå iFoqus, frå november 2006 frå Retriever.

3.3 Innkjøpte kunstverk

Nynorsk kultursentrum byggjer år for år varsamt ut kunstsamlinga i Ivar Aasen-tunet. I 2009 kjøpte vi eitt og fekk tre kunstverk i gåve. Ved utgangen av året eigde vi dermed 44 kunstverk.

3.4 Dokumentasjon og forskning

Arbeidet med *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 2 2008–2011* tok til hausten 2008, og blei vedteken i styret 24. mars 2009. Denne planen framhevar samlingsforvaltning og avklarar ein del prinsipielle vurderingar med støtte frå nyare faglitteratur og det museumsetiske regelverket til ICOM.

Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepet *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 2* legg som før vår eigen definisjon til grunn: ”Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå egne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskriving og analyse.”

Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forskning lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitenskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike delar av same prosessen. Dokumentasjonen tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjon femner såleis også om organisering og innsamling, ikkje berre bearbeiding.

Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande.

Den digitale tidsalderen er i dag omseggripande på alle område. Dette gir oss nye utfordringar, særleg med tanke på lagringsmedium og langtidslagring. Den stadig endrande infrastrukturen innanfor ikt gjer at eit filformat i dag ikkje nødvendigvis kan lesast om få år. Datafiler må difor jamleg migrerast over til nye format som kan lesast.

3.5 Eigne dokumentasjonsprosjekt

I 2009 var ti dokumentasjonsprosjekt i gang i eigen regi.

Språkfakta 2010 av Ottar Grepstad er truleg den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av ein skriftkultur som nokon gong er blitt laga. Det meste av arbeidet med denne e-boka blei gjort i 2009, og verket blir publisert vinteren 2010. Boka byggjer på dei tidlegare trykte publikasjonane *Nynorske faktabok 1998* og *Nynorske faktabok 2005*, men femner no om alt språk i Noreg og ein del språk i Norden, Europa og andre verdsdelar.

Nettbiblioteket (2001), frå 2009 *Litteratur*: den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk og dialekt frå fleire hundreår.

Nynorske dikt og songar (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving. I 2009 dukka eit nytt Ivar Aasen-dikt opp, kalla *Voni*. Saman med ein del bakgrunnsinformasjon publiserte Martin Furseth diktet i boka *Hovdebygda - er aldri eins å sjå*, årsskrift for 2009 frå Hovdebygda sog- og velferdslag. Vi publiserte

diktet på nettstaden med kommentar frå Ottar Grepstad. Ola E. Bø har seinare oppdaga at Aftenposten trykte diktet i veketillegget sitt 22.4.1961.

Ivar Aasen-bibliografi (frå 2002): Ein selektiv bibliografi frå 1977 blei i 2002 oppdatert, og vil bli oppdatert årleg frå og med 2010.

Det nynorske Noregskartet (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk database som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innføring av nynorske skulekrinsar, Blix-salmar, nynorsk liturgi, Nynorsk Salmebok, vedtak om tenestemål og målform på informasjon frå Postverket.

Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen" (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Ivar Aasen-tunet. 2009 blei såleis eit merkeår på mange måtar for dette mest kjende Aasen-diktet. Etter at Aker gav diktet hovudrolla i den vel tre minuttar lange reklamefilmen *Made by Norway*, som fleire kveldar gjekk ut i beste sendetid til fleire hundre tusen sjåarar, publiserte Ivar Aasen-tunet i temaside på nettstaden om *Nordmannen*. Ottar Grepstad stod for innhald, Gaute Øvereng den tekniske løysinga.

Historia om Ivar Aasen-museet (frå 2003): Med *Ivar Aasen-tunet gjennom 200 år* publiserte vi i 2008 den første samla framstillinga av historia om Ivar Aasen-tunet. Vidare dokumentasjon blei samla inn også i 2009.

Språkpolitikk i partiprogramma (frå 2004): komplett dokumentasjon av alt som partia på Stortinget har vedteke om språkpolitikk i partiprogramma sine frå og med 1906. Ny utgåve kom våren 2009, oppdatert med valprogramma 2009–2013.

Digitalisering av Fedraheimen (frå 2005): I samarbeid med Norsk Ordbok 2014 arbeider vi med å publisere dei 14 årgangane av Fedraheimen i latinsk fulltekst på Internett. Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Den samla tekstmengda er på om lag 25 millionar teikn, fordelt på meir enn 8000 artiklar. Prosjektet byggjer på eit nært samarbeid med Norsk Ordbok 2014 som står for digitalisering og korrektur, medan vi legg til rette for brukar-

vennleg publisering. Vi publiserte tre nye årgangar i 2009, og dermed er årgangane 1877–1883 publiserte. Prosjektet blir etter planen fullført seinast i 2012.

Valfridom på norsk. Årstale nr. 9 om tilstanden for nynorsk skriftkultur blei halden av Ottar Grepstad på Tromsø Museum 25.9. Talen tok særleg opp fleirkulturelle perspektiv på språk i Noreg, lesing og tilgangen til godt lesestoff på nynorsk, særskilt for born. Det blei dokumentert at nynorsk-bøker utgjorde ein like liten prosentdel av norsk bokproduksjon i 2008 som for hundre år sidan. Talen var eit aktuelt innspel til Leseåret 2010.

3.6 Eksterne dokumentasjons- og forskingsprosjekt

I 2009 var seks eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekt i gang med utgangspunkt i samlingane våre.

Mastergrad i nynorsk skriftkultur (frå 2002): Hausten 2003 tok Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Studentane kjem i aukande grad til å bruke samlingane våre aktivt, og det kan bli aktuelt med både førelesingar og anna fagleg arbeid frå vår side. Ein ny samarbeidsavtale er blitt utarbeidd i 2009, og denne er langt meir forpliktande og omfattande enn den tidlegare avtalen.

Det opne språket (frå 2003): Ivar Aasen-instituttet sette hausten 2003 i gang dette forskingsprosjektet om norsk målreisingsso-ge 1739 – 2005, som no har resultert i to doktoravhandlingar. Jens Johan Hyvik forsvarte di doktoravhandling i 2008. Oddmund L. Hoel forsvarte avhandlinga *Målreising og modernisering i Noreg 1885–1940* for PhD-graden 20.11.

Tidleg nynorsk bibelmål (frå 2003): Per Halse har arbeidd med doktoravhandling om tidleg nynorsk kyrkjemål, og har brukt samlingane i Ivar Aasen-tunet som ein del av grunnlaget for studiane sine. Den 21.10. forsvarte han avhandlinga *Gudsord og folkemål. Framveksten av nynorsk kyrkjespråk 1859–1908* for PhD-graden.

Norsk pressehistorie (frå 2004): Ei samla framstilling av norsk pressehistorie 1763–

2010 ligg føre til Norsk Presseforbund og Mediebedriftenes Landsforening fyller 100 år våren 2010. Målet er å gi ny og systematisk kunnskap om norsk pressehistorie innanfor ramma av eit firebandsverk av høg kvalitet. Ei prosjektgruppe frå Norsk Pressehistorisk Forening har leidd arbeidet, der dei faglege perspektiva har vore pressa si samfunnsrolle, journalistikk, teknologi og marknad. Ottar Grepstad leverte i mars 2009 manuskript om nynorsk pressehistorie 1880–2009 til to band i verket.

Senatet som aldri vart (frå 2007). Morten Søberg skreiv i 2007–08 ein essayserie i *Dag og Tid* som blant anna bygde på informasjon frå samlingane i Aasen-tunet. Essayane kom i bokform våren 2009 under tittelen *Senatet som aldri vart*.

I 2009 brukte to doktorgradsstudentar samlingane våre. I september arbeidde Denis Domratsjev frå Universitetet i St. Petersburg med samlingane i Aasen-tunet til ei avhandling om språk og identitet i Noreg. I november arbeidde Guy Puzey frå Universitetet i Edinburgh med ei avhandling om språksituasjonane i Noreg og Italia der han drøftar dei ideologiske sidene ved dialektørslar og målrørsla i Noreg. Hos oss var han særleg på jakt etter stoff om dialektbølgja frå 1970-talet fram til i dag.

3.7 Nynorskbasen

Som ein del av arbeidet med det prosjektet som i 2008 fekk namnet *Allkunne*, har vi sidan sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*. Dette er ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2009 var det registrert informasjon om 3606 personar. Dette året blei det ikkje prioritert å oppdatere dette dokumentet. 16 % av personane i basen var kvinner. Meir utførleg biografisk informasjon ligg føre om 2831 personar, for intern bruk.

3.8 Artikkelarkivet

Like sidan opninga av Aasen-tunet i juni 2000 har vi stilt ut avisclipp i aktualitetshylla i utstillinga. Frå 2002 auka vi aktiviteten på dette feltet, og klypte også ut andre artiklar og notisar. Saman med artiklar som har vore brukte i aktualitetshylla, dannar dette Artik-

kelarkivet i Ivar Aasen-tunet. Den 15.4. inneheldt arkivet 6370 utklipp om 869 personar, institusjonar og organisasjonar. All tilveksten i 2009 var ikkje registrert ved årsskiftet.

Medieanalysebyrået Retriever sender to gonger dagleg digitale klipp frå alt som har å gjere med nynorsk og dialekt. Dette er eit samarbeid med Noregs Mållag og Landssamanslutninga av nynorsk kommunar som dekkjer emneorda Noregs Mållag, nynorsk, bokmål, dialekt, Ivar Aasen og sidemål. Denne tenesta erstattar frå 2010 det systematiske arbeidet med Artikkelarkivet.

Artikkelarkivet gir verdfull grunnlagsinformasjon både for Nynorskbasen og for den digitale kunnskapsbasen *Allkunne*.

3.9 Foredrag og samtalar

Tilsette heldt i 2009 27 større foredrag og presentasjonar, mot 19 i 2008. Dei fleste foredraga har vore tilgjengelege som manuskript.

Magni Hjertenæs Flyum: ”Fagleg tyngd eller målretta marknadsføring?” Samtaleleiar på seminaret ”Marknadsføring og profilering av musea” i regi av Musea i Møre og Romsdal, Ivar Aasen-tunet 17.9.

– : ”Eit passeleg stort lønssystem? Om utviklinga av lønssystemet i Nynorsk kultursentrum”. Foredrag på HSH-seminar om lønssystem i Oslo 15.10.

– og Kjersti Markegård Bae: ”Lurivar og andre tilbod for born og skuleelevar”. Innleiing på dagsseminar for Sogn og Fjordane fylkeskommune i Ivar Aasen-tunet 26.8.

Ottar Grepstad: ”Stilisten frå Selje”. Foredrag på seminaret ”Reidar Djupedals verk”, Ivar Aasen-tunet 23.3.

– : ”Klangen av respekt”. 17. mai-tale på Bigset, Hareid

– ”Ivar Aasen, med andre ord”. Blomar ved Ivar Aasen-bautaen i Ørsta 24.6.

–: Helsing ved opning av kunstutstilling i Ørsta kunstlag 27.6.

– : ”Dette er Ivar Aasen. I år: kvardagane”. Dei nynorske festspela 27.6.

– : Samtale med Rønnaug Kleiva. Ivar Aasen-tunet 5.8.

– : ”Dette er Ivar Aasen. I år: kvardagane”. Ivar Aasen-tunet 5.8.

- : ”Ivar Aasens tanke”. Ved nedlegging av stein med sitat på Poesistien ved Hardanger Folkemuseum i Utne 23.8.
- : Samtale med Nawal El Saadawi i Ivar Aasen-tunet 24.8.
- : ”Ivar Aasen-tunet og Sogn og Fjordane fylkeskommune i nynorsk skriftkultur”. Innleiing på dagsseminar for Sogn og Fjordane fylkeskommune i Ivar Aasen-tunet 26.8.
- : ”Valfridom på norsk”. Årstale nr. 9 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i Tromsø 25.9.
- : ”Konsekvensane av ein tospråkspolitikk”. Innleiing på haustseminaret i Noregs Mållag i Bergen 27.9.
- : ”Vinjefondet – ein strategi for meir nynorsk i media”. Dei nynorske mediedagane i Oslo 2.10.
- : ”Nynorsk 2009”. Presentasjon for praktikanthall ved Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 12.10.
- : ”Lokalaviser mellom bladmann og bokmann”. Foredrag på seminaret ”Diktaren som bladmann” i Lom 16.10.
- : Opposisjon ex auditorio om språkgrepet ved Oddmund L. Hoels doktordisputas i Trondheim 20.11.
- : ”Språk, fellesskap og identitet”. Foredrag for elevar ved Møre Folkehøgskule i Aasen-tunet 26.11.
- : ”Mangfaldig språk og klar tale”. Foredrag for Statens lånekasse for utdanning i Ørsta 27.11.
- : ”Auduns vending”. Tale til Audun Hestad ved mottaking i Oslo 30.11.
- Åshild Widerøe: Presentasjon av festspelprogrammet i Ørsta Rotary 2.6.
- : ”Kunsten å komponere eit festspelprogram”. Innleiing for 10. praktikanthall ved Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 6.3.
- : Presentasjon av Ivar Aasen-tunet på ope møte om planar for Jakob Sande-tunet i Dale i Sunnfjord 2.12.
- Gaute Øvereng: ”Strategi for nettpublisering – tilfellet Lurivar”. Innleiing for 10. praktikanthall ved Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 6.3.
- : ”Internett i marknadsføring”. Innleiing på seminaret ”Marknadsføring og profilering av musea” i regi av Musea i Møre og Romsdal, Ivar Aasen-tunet 17.9.

3.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet

Nynorsk kultursentrum ønskjer ikkje å bruke tid og pengar på å vere sin eigen forleggjar. Derimot har vi etter kvart sett eit behov for raskt å kunne spreie informasjon til definerte målgrupper. Frå og med 2004 gir vi ut ein enkel serie av småskrifter, produsert på kopimaskinen for rask produksjon, rask distribusjon, bruk og kast. Alle småskriftene blir også publiserte på www.aasentunet.no. Serien *Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet* skal innehalde artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle språkpolitiske og faglege spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning.

Det kom eit nytt nummer i serien i 2009. Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2013*. (Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet, 5)

3.11 Andre trykte og elektroniske skrifter

Tilsette publiserte i 2009 34 signerte artiklar i aviser og tidsskrift, mot 28 i 2008.

Magni Hjertenæs Flyum: ”Språk før, no og i framtida”. *Meland Jul 2009*

Ottar Grepstad: *Valfridom på norsk. Årstale nr. 9 om tilstanden for nynorsk skriftkultur*.

– : ”Lommefakta om språk”. *Ivar Aasen-almanakken* 2010

– : ”Kunsten i det vanlege”. Programhefte for Jon Fosse-dagane i Strandebarm 14.–16.8.

– : ”Den nynorske prosaforteljaren”. *Johannes Heggland. Diktar og historikar. Ei artikkelssamling*, Tysnes 2009

– : ”Pressa for pengar”. Dagens Næringsliv (DN) 26.1.

– : ”Jubileum på rutine”. DN 19.2.

– : ”Han skapte framtid. Sverre Fehn (1924–2009)”, trykt i m.a. Dag og Tid, Møre, Møre-Nytt, Stavanger Aftenblad, Sunnmørsposten, dei fleste stadene med Nils Paulsen ved Norsk bremuseum som medunderskrivar

– : ”Kultur utan konflikt”. DN 19.3.

– : ”Kunst i periferien”. DN 27.3.

– : ”Kultur utan program”. DN 17.4.

– : ”Kultur for endring”. DN 24.4.

– : ”Kulturarvens problem”. DN 30.4.

– : ”Kultur på privaten”. DN 8.5.

– : ”FrP på gli mot fleirtalet”. DN 22.5

– : ”Det tunge språkløftet”. DN 9.6.

– : ”Kunst med fjøslukt”. DN 18.6.

– : ”Forsking på kladdenivå”. DN 1.7.
 – : ”Kulturpolitisk kunst” (replikk). DN 10.7.
 – : ”Akademikarjakta”. DN 20.7.
 – : ”Hamsuns svik og ære”. DN 4.8.
 – : ”Parti utan politikk”. DN 10.8.
 – : ”Opprop mot endring”. DN 27.8.
 – : ”Songen om Noreg”. DN 3.9.
 – : ”Nordmannen”, temaside på www.aasentunet.no 3.9.
 – : ”Kultur på særtiltak”. DN 13.10.
 – : ”Grums i Bokbadet”. DN 21.10.
 – : ”Kunnskap før meining”. DN 28.10.
 – : ”Mot på museum”. DN 11.11.
 – : ”Adressert kritikk” (replikk). 21.11.
 – : ”Engelsk Grand Prix”. 1.12.
 – : ”Draumen om Obama”. 10.12.
 – : ”Julesongen 2009”. 24.12.
 Kirsti Langstøyl: ”Bibliotek i ein kulturinstitusjon”. *BIBSYS-nytt* nr. 3 desember 2009

3.12 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 113 eksterne tilstellingar i 2009, mot 72 året før:

- Seminar om Jostein Fets forfattarskap ved Nasjonalbiblioteket i Oslo 19.1. Ottar Grepstad
- Seminar om Kvivsvegen i Stryn 20.1.: Magni Hjertenes Flyum
- Kulturtorget i Molde 21.–22.1.: Kjersti Markegård Bae
- Frukostforum på Høgskulen i Volda 23.1.: Ottar Grepstad
- Møte med ABM-utvikling i Molde 26.1.: Gaute Øvereng
- Avsparkseminar for Senter for nynorsk barnekultur på Sand i Ryfylke 26.1.: Magni Hjertenes Flyum
- Årleg møte for stiftarane i Rasmus Løland-markeringa på Sand i Ryfylke 26.1.: Magni Hjertenes Flyum
- Møte med Senter for livslang læring i Oslo 27.1.: Anders Aanes
- Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 27.1.: Kirsti Langstøyl
- Samspel, formidlingsform for tenester til Den kulturelle skulesekken, i Stavanger 28.–29.1.: Kjersti Markegård Bae
- Styremøte i Allkunne 29.1.: Magni Hjertenes Flyum
- Møte nr. 50 i Nynorsk Forum i Oslo 29.1.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Jordferd for Reidar Lødemel frå Ørsta kyrkje 2.2.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i Norsk kulturhusnettverk i Oslo 3.–4.2.: Åshild Widerøe
- Styremøte i Allkunne 12.2.: Magni Hjertenes Flyum
- Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i Molde 12.2.: Ottar Grepstad
- Møte i Litteraturnettverket i Ivar Aasentunet 16.2.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kirsti Langstøyl, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng, Anders Aanes
- Styremøte i Ørsta reiselivslag i Ørsta 16.2.: Magni Hjertenes Flyum
- Møte i fagrådet for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i Volda 24.2.: Ottar Grepstad
- Bisetjing for Sverre Fehn i Oslo 6.3.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Kursdag for 10. kullet ved Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 6.3.: Gaute Øvereng, Anders Aanes, Åshild Widerøe
- Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 9.3.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl
- Tariffkonferanse i HSH med eige møte for musea i Oslo 10.3.: Magni Hjertenes Flyum
- Styremøte i Allkunne i Oslo 12.3.: Magni Hjertenes Flyum
- Frukostforum i Ivar Aasen-tunet 18.3.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Årsmøte i Ørsta Reiselivslag i Ørsta 19.3.: Kjersti Markegård Bae
- Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i Molde 20.3.: Ottar Grepstad
- Årsmøte og årskonferanse i Norske Festivaler i Bodø 19.–20.3.: Åshild Widerøe
- Webforum i Oslo 19.–20.3.: Gaute Øvereng
- Seminar om prosjektet ”Høyr og sjå!” i regi av Høgskulen i Volda i Ulsteinvik 24.3.: Anders Aanes

- BIBSYS-brukarmøte i Fredrikstad 24.–26.3.: Kirsti Langstøyl
- Frukostforum i Ivar Aasen-tunet 29.3.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum
- Presentasjon av festspelprogrammet på Det Norske Teatret i Oslo 31.3.: Ottar Grepstad
- Presentasjon av festspelprogrammet i Ivar Aasen-tunet 31.3.: Magni Hjertenenes Flyum, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng
- Årsmøte i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ålesund 1.4.: Gaute Øvereng
- Nordisk museumsmøte i Malmö og København 1.–3.4.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum
- Frukostforum i Ivar Aasen-tunet 21.4.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum
- Årsmøte i Ørsta næringskontor 22.4.: Åshild Widerøe
- Møte i Fehn-forum på Hedmarksmuseet, Hamar 22.–23.4.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum (leiar)
- Seminaret ”Vurdering for læring” i regi av Nynorsksenteret i Førde 23.4.: Kjersti Markegård Bae
- Fagdag i regi av Musea i Møre og Romsdal i Molde 23.4.: Anders Aanes
- Kurs for brannvernleiarar i Ørsta 23.4.: Knut-Johann Jørgensen
- Rådsmøte i Nynorsk kultursentrum på Nasjonalmuseet Arkitektur i Oslo 24.4.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum
- Landsmøte i Noregs Mållag i Oslo 24.4.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i Det Norske Samlaget i Oslo 24.4.: Ottar Grepstad
- Seminar om økologisk mat i regi av Ørsta kommune i Ørsta 27.4.: Milan Ilic
- Vitjing av Tora Aasland på Høgskulen i Volda og i Ivar Aasen-tunet 30.4.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum
- Redaksjonsmøte i Allkunne i Ivar Aasen-tunet 5.5.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl
- Rådsmøte og styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 5.5.: Magni Hjertenenes Flyum, Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Kjell Einar Skrede
- Kurs i digitale forteljingar i regi av Møre og Romsdal fylke i Molde 5.–6.5.: Kjersti Markegård Bae
- Fellesmøte styre og redaksjon i Ivar Aasen-tunet 6.5.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl, Magni Hjertenenes Flyum
- Opning av Sivert Aarflot-jubileet i Ørsta 6.,5.: Ottar Grepstad, Anders Aanes
- Styremøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 12.5.: Magni Hjertenenes Flyum
- Møte med BIBSYS i Ivar Aasen-tunet 13.5.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl
- Møte i rådet for barnelitteraturfestivalen Falturiltu på Stord 18.5.: Magni Hjertenenes Flyum
- Festspillene i Bergen 20.–24.5.: Åshild Widerøe
- Nettverksmøte ”Menyer i nordvest” med lokalmatprodusentar i regi av Landbruksrådgiving NordVest i Molde 21.5.: Milan Ilic
- Styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 26.5.: Magni Hjertenenes Flyum
- Frukostforum på Klungre i Ørsta 29.5.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum
- Møte med arkitektforeningane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane i Ivar Aasen-tunet 2.6.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum
- Møte i Ørsta Rotary i Ørsta 2.6.: Åshild Widerøe
- Samling nr. 3 i Litteraturnettverket på Petter Dass-museet i Alstahaug 4.–5.6.: Ottar Grepstad
- Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 9.6.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl
- Folkemusikkfestivalen i Førde 2.–5.7.: Ingrid Opedal, Åshild Widerøe
- Styremøte i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ålesund 12.8.: Magni Hjertenenes Flyum
- Jon Fosse-dagane i Strande barm 13.–15.8.: Ottar Grepstad, Åshild Widerøe
- Sverre Fehn-dagen 2009 i Ivar Aasen-tunet 14.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum, Kjersti Markegård Bae, Gaute Øvereng, Anders Aanes

- Opning av studieåret ved Høgskulen i Volda 18.8.: Ottar Grepstad, Åshild Widerøe
- Lansering haustliste Det Norske Samlaget i Oslo 19.8.: Åshild Widerøe
- Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 20.8.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl
- Ekstraordinær generalforsamling i Allkunne AS i Oslo 20.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Lansering haustliste Gyldendal Norsk Forlag i Oslo 20.8.: Ottar Grepstad
- Styremøte i Allkunne AS i Oslo 20.8.: Magni Hjertenes Flyum
- Programmet "Litteratur i barnehøg" i samarbeid med Ryfylkemuseet, Asker Museum og Rasmus Løland-markeringa 2007–2011 på Litteraturhuset i Oslo 21.8.: Anders Aanes
- Poesidagen 2009 på Hardanger Folke-museum på Utne 23.8.: Ottar Grepstad
- Seminar med kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune i Ivar Aasentunet 26.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kjersti Markegård Bae
- Ekstraordinær generalforsamling i Allkunne AS på telefon 31.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Seminaret "Mangfald i NRK" ved femårsjubileet til Nynorsk mediesenter i Førde 1.9.: Ottar Grepstad
- Styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 7.9.: Magni Hjertenes Flyum
- Seminaret "Marknadsføring og profilering av musea" i regi av Musea i Møre og Romsdal i Ørsta og Volda 16.–17.9.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kjersti Markegård Bae, Kirsti Langstøyl, Gaute Øvereng, Anders Aanes
- Rådsmøte i Nynorsk kultursentrum i Tromsø 25.9.: Oddvar Haugland, Sigrun Høgetveit Berg, Målfrid Snørteland, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng, Ottar Grepstad
- Jon Fosse-fest i Oslo 25.9.: Ottar Grepstad
- Haustseminaret "Korleis gjer vi Noreg tospråkleg?" i Noregs Mållag i Bergen 26.–27.9.: Ottar Grepstad
- Avslutningsmottaking for fylkesmann Ottar Befring i Molde 28.9.: Ottar Grepstad
- Møte om Vinjefondet under Dei nynorske mediedagane i Oslo 2.10.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Dei nynorske mediedagane i Oslo 1.–3.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Idémøte om Olav H. Hauge-senteret i Oslo 6.10.: Ottar Grepstad
- Styremøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 14.10.: Magni Hjertenes Flyum
- HSH-seminar om lønssystem i Oslo 15.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Lokalavisseminaret "Diktaren som bladmann" i regi av Tor Jonsson-dagane i Lom 16.–16.10.: Ottar Grepstad
- Lansering av Allkunne i Ivar Aasentunet 20.10.: Ottar Grepstad, Kjersti Markegård Bae, Kirsti Langstøyl, Gaute Øvereng, Anders Aanes
- Lansering av Allkunne på Bryne 20.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Nettverkssamling i leiarnettverket i HSH i Stavanger 20.–21.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 21.10.: Ottar Grepstad
- Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 22.10.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl
- Fellesmøte styre og redaksjon i Allkunne i Oslo 22.10.: Ottar Grepstad
- Styremøte i Allkunne AS i Oslo 22.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 26.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Ekstra rådsmøte i Norsk Barneblad i Oslo 26.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Konferansen "Slepp samlingane fri! Slepp brukarane til!" i regi av ABM-utvikling i Oslo 2.11.: Anders Aanes
- Fellesmøte mellom Løvebakken Mållag og Nynorsk Forum i Oslo 10.11.: Ottar Grepstad
- Budsjetthøyring i familie- og kulturkomiteen i Oslo 10.11.: Oddvar Haugland, Ottar Grepstad

- Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 13.11.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl
- Doktordisputas for Oddmund L. Hoel i Trondheim 20.11.: Ottar Grepstad
- Møte i styringsgruppa for 100-årshistoria om Det Norske Teatret i Oslo 25.11.: Ottar Grepstad
- Telefonrådsmøte i Nynorsk kultursentrum 26.11.: Ottar Grepstad
- Nettverksamling om samlingsforvaltning i regi av ABM-utvikling i Oslo 30.11.: Ottar Grepstad
- Avslutningsmottaking for Audun Heskestad i Oslo 30.11.: Ottar Grepstad
- Ope møte om planar for Jakob Sandetunet i Dale i Sunnfjord 2.12.: Åshild Widerøe
- Redaksjonsmøte i Allkunne i Ivar Aasen-tunet 3.12.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl
- Styremøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 9.12.: Magni Hjertenes Flyum
- Styremøte i Allkunne AS i Oslo 11.12.: Magni Hjertenes Flyum
- Styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 14.12.: Magni Hjertenes Flyum

3.13 Jon Fosse-arkivet

Styra i Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum vedtok å arbeide vidare for å realisere planane for Jon Fosse-arkivet, og utnemnde i 2008 representantar til eit interimstyre: Ottar Grepstad (Nynorsk kultursentrum, leiar), Ola E. Bø (Det Norske Teatret) og Margit Walsø (Det Norske Samlaget). Arbeidet heldt fram i 2009. Styret har vedteke å invitere med Nationaltheatret.

Arbeidet med å realisere planane heldt fram i 2009. Det meste av arkivmaterialet blei grovsortert og ordna i 2009, og er dermed lett tilgjengeleg for interesserte i Ivar Aasen-tunet.

3.14 Publikumssørvis

Vi får stadig spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange kjem frå skuleelevar som treng hjelp til oppgåver, oftast om Ivar Aasen. Det

er også vanleg at vi får spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekleiar, dokumentasjonsleiar og formidlingsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Ved skriftlege spørsmål blir dei skriftlege svara tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

4. Utstillingar

Utstillingane reduserte omsetninga med 16 % frå 1 220 000 kr i 2008 til 852 000 kr i 2009. Resultatet blei eit overskot på 18 000 kr mot eit underskot på 10 000 kr året før.

I 2009 hadde vi 7956 utstillingsgjester, mot 10 934 året før. Med færre skuleturnear blei det også færre utstillingsgjester.

Vi laga to nye temautstillingar i 2009. Ei som involverte festspeldiktar Tove Bakke og handla om omsetjing og gjendikting. Den andre utstillinga var ei rein forfattarutstilling om Jon Fosse, og blei laga i høve 50-årsjubileet hans.

4.1 Basisutstillinga

Utstillingane i Ivar Aasen-tunet skal vere levande og dynamiske. Alle skal oppdage noko nytt, også dei som vitjar utstillingane fleire gonger. Kvar dag er det noko nytt i utstillingane. Slik var det også i 2009.

Den store endringa av basisutstillinga som tok til i 2007 under namnet *Høgt og lågt* var tenkt ferdigstilt i 2009, men er blitt forskyvd til 2010. Det økonomiske grunnlaget er eit tilskot på 1 million kr frå Fritt Ord. Desse endringane er ein del av utviklinga av Ivar Aasen-tunet til ein kulturinstitusjon i dialog med mange land.

I *Forfattarrommet* i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut. Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein perm. Permen blir seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av det innsamla materialet blir plassert i artikkelarkivet. I utstillingsperioden låner vi òg inn gjenstandar som kan knytast til dei ulike forfattarane. Til no har vi

presentert 26 forfattarar i Forfattarrommet. Arbeidet med denne delen av basisutstillinga blei ikkje prioritert i 2009.

I *aktualitetshylla* kjem det nye avisclipp om lag éin gong i månaden. I 2009 la vi fram 35 avisclipp og eigne tekstar om ulike emne.

4.2 Temautstillingar

I 2009 blei det vist totalt tre temautstillingar i basisutstillinga.

- *Viljen til språk* 1.1.–25.6.
- **NY** *Det usynlege språket* (festspeldiktar Tove Bakke) 26.6.–30.9.
- **NY** *Kunsten i livet. Diktaren Jon Fosse* 1.10–17.1

I Galleriet visste vi ei temautstilling frå Asker Museum:

- *Fantasien er din egen* 2.2.–6.3.


Eit ekstra eksemplar av utstillinga *Kunsten i livet* blei selt til Jon Fosse-dagane, der utstillinga også hadde premiere 15.8.

Vi laga også ei enkel minneutstilling om publisisten Johan Snøfugl som blei opna på hundreårsdagen hans 30.4.

4.3 Vandreutstillingar

I 2009 lånte vi ut sju utstillingar til 12 stader, mot 21 utlån i 2008.

Figur 5. Tal utlånte vandreutstillingar 2000–2009



Temautstillingane er spesiallaga til eit rom i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet, men har eit format som gjer det lett å frakte dei og vise dei fram andre stader. Som før var det bibliotek som lånte flest utstillingar. Svært gledeleg var det at Høgskolen i Østfold lånte ei utstilling. Dermed kom Østfold med for første gong. No er det berre i Finnmark vi ikkje har hatt utstillingar, eller arrangement. I kontrakten vi sender ut til lånarane, bed vi om å få opplyst gjestetel. I 2009 fekk vi dette

berre frå éin låntakar: Asker Museum. Dei melde om 3000 gjester på utstillinga *Store forteljingar for små øyre*, og gjestetetalet kan ha vore endå høgare. Det har vist seg å vere umogleg å føre påliteleg statistikk for gjestetel på vandreutstillingar, og desse tala er heller ikkje rekna med i publikumstala våre.

Sidan 2000 har vi i alt hatt 118 utlån av 23 ulike utstillingar i 18 fylke. Over halvparten blei lånte av institusjonar i to fylke: 36 i Hordaland, 22 i Møre og Romsdal. Sogn og Fjordane, Oslo og Rogaland har hatt høvesvis 9, 6 og 7 lån.

Klassisk kulturarv

Bokbyen i Fjærland 25.5.–30.9.

Store forteljingar for små øyre

Asker Museum 14.6.–20.8.

Undrande og skapande. Rasmus Løland (1861–1907) og den nynorske barnelitteraturen
Ålesund bibliotek, Spjelkavik filial 26.8.–10.9.

Herøy folkebibliotek 14.9.–30.9.

Høgskulebiblioteket, Høgskulen i Østfold 5.10.–11.10.

Fjell folkeboksamling 14.10.–5.11.

Sund folkebibliotek 9.11.–2.10.

Sogndal bibliotek 7.12.–27.1.2010

Striper, ruter, bobler

Sunnfjord Museum 30.8.–30.9.

Songen om kysten

Tysvær folkebibliotek 26.10.–26.11.

Olang Nilssens basar

Ullensvang folkebibliotek 14.9.–15.1.2010

Det usynlege språket

Opera Nordfjord 18.12.–31.1.2010

4.4 Undrande og skapande

På initiativ frå Nynorsk kultursentrum gjekk tre museum saman om å lage ei stor tema- og vandreutstilling i høve Rasmus Løland-markeringa 2007–2011. Utstillinga *Undrande og skapande* er sett saman av tre tema-utstillingar:

- Ryfylkemuseet: *Sølvkannuniverset – Rasmus Løland og bygda.*
- Nynorsk kultursentrum: *Store forteljingar for små øyre*
- Asker Museum: *Fantasia er din egen*

Desse blei sydde saman til éi vandreutstillinga som hadde premiere på Litteraturhuset i Oslo 21.8. saman med fleire litterære og litteraturfaglege innslag. Utstillinga er alt fulltinga heile 2010 og to månader ut i 2011.

4.5 Sitat i butikk

Heimen Husflid opna i november 2009 nytt utsal i underetasjen på Glasmagasinet i Oslo. Vi leverte om lag 35 litterære sitat til bruk.

4.6 Nettutstilling

Nettutstillinga *Rekvisittar for eit liv* blei laga i 2009, blei publisert i desember 2009, og offisielt lansert 20.1.2010. Dette er ei original forteljing om Ivar Aasen der 20 forfattarar har dikta fritt om kvar sin gjenstand frå Aasen-samlinga med utgangspunkt i gjenstandsgrafaria av Ragnar H. Albertsen (jf. kap. 3.2). Førstekonservator Bjørn Austigard ved Romsdalsmuseet og seksjonsleiar Anne Kristin Moe i Bunad- og folkedraktrådet skreiv kulturhistoriske bakgrunnstekstar om gjenstandane. Med i utstillinga er også Aasens egne tekstar om gjenstandane.

Utstillinga er særleg laga for elevar i vidaregåande skule, og vi har utarbeidd oppgåver for skulebruk som ligg på nettsida. ABM-utvikling støtta prosjektet med 100 000 kr.


5. Tilbod til born og unge

I 2009 var 4739 born og skuleelevar gjester på arrangement og utstillingar, mot 6425 i 2008. Dette var 24 % av alle gjestene våre i 2009.

2744 elevar var med på 105 program på turnear i regi av Den kulturelle skulesekken, mot 4413 året før.

1239 elevar var med på standard skuletilbod og Den kulturelle skulesekken i tunet, mot 1383 året før.

Figur 6. Gjestetal turnear 2004-2009



5.1 Tunkatten Lurivar

Etter premieren i november 2006 er tunkatten Lurivar alt blitt det viktigaste verkemidlet vårt for å nå dei yngste borna. Lurivar er språkleg nysgjerrig og stolt av språket sitt. Gjennom møte med borna skal Lurivar vere ein dørøpnar til nynorsk litteratur og undring over språk. Tunkatten har tre arenaer der han er synleg for borna: i tunet, på turné og på nettstaden tunkatten.no.

Lurivar er ein av få ikkje-kommersielle barnefigurar, og det gjer han ganske unik i barneverda. I staden for å utvikle reklameeffektar og store mengder lisensprodukt legg vi vekt på læring og aktivisering. Dei få Lurivar-produkta vi har laga, blir ikkje marknadsførte på Lurivars eigen nettstad som er retta mot born. Innanfor rimelege grenser gjer vi difor møta med tunkatten til ei kjøpefri sone.

Lurivar er formgitt av Monica Egeli. Vi brukar hennar tenester i utforming av nye illustrasjonar. Illustrasjonane blir brukte til å vise ulike aktivitetar på nettstaden, og etter som det kjem nye aktivitetar og forteljingar til, får vi laga nye illustrasjonar.

Tunkatten i tunet: Lurivar var til stades under Dei nynorske festspela i framsyninga *Katta i sekken*. Kvar sommar sidan 2007 har vi hatt egne Lurivar-omvisingar. Sommaren 2009 var det fast omvising to dagar i veka, og 176 born var med på desse. Tilbakemeldingane frå barnefamiliar var svært gode, og vi vil halde fram med dette også neste sommarsesong.

Eit nytt tilbod i 2009 var Barneboka, Lurivars eige utebibliotek. Det har i fleire år vore sett opp ein natursti til Høgetuva i sommarsesongen: No laga vi eit enkelt bibliotek oppe på Høgetuva. Denne første som-

maren skreiv 106 personar seg inn i gjesteboka.

Tunkatten på turné: Katta i sekken er ei skuleframsyning for 1.– 4. klasse, utvikla for Den kulturelle skulesekken. Framsyninga er ein mellomting mellom ei teaterframsyning og eit forfattarbesøk, og skal gi leselyst og gjere borna språkleg nysgjerrige. Hilde Myklebust har skrive manus, og ho har forma framsyninga saman med regissør Arild Støfring til melodiar av Gaute Øvereng. Ein presentasjon på Kulturtorget i Molde 2008 resulterte i lange turnear i 2009 både i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Kulturavdelinga i Møre og Romsdal er svært opptekne av å satse på nye produksjonar, og ønskte difor ikkje ein ny turné med *Katta i sekken* i skuleåret 2009/2010. Dette skuleåret er *Katta i sekken* på besøk i Sogn og Fjordane i fire veker.

Tunkatten på nett – tunkatten.no: Nettstaden inneheldt ved årsskiftet mellom anna blogg, lydbøker med utdrag frå 18 nynorske barnebøker, Lurivars ordbok, ulike språkaktivitetar og seks originaltekstar i form av tekst, lydspor og illustrasjon. Born sendte også inn spørsmål og eigne tekstar. Mykje av stoffet til nettstaden blei utvikla av tilsette, men vi kjøper også originalskrivne Lurivarforteljingar, stoff til songboka og illustrasjonar.

Lurivars songbok blei lansert i januar 2008. På kort tid blei denne tenesta svært populært både i barnehagar og barneskular, og hos enkeltpersonar. Songboka inneheldt ved årsskiftet 50 songar. Publikum kunne laste ned lydfiler gratis, og vi dekte Tono-avgifta.

5.2 Tilbod for born og småbarnsfamiliar

Gjennom året er det fleire arrangement for born og småbarnsfamiliar (jf. kap. 6). Under Dei nynorske festspela er det fleire barnearrangement, og vi er opptekne av å ha ulike arrangement som kan nå ut til ulike aldersgrupper.

Elles i året har det vore vanleg med tre faste familiedagar. I 2009 hadde vi eit rikholdig familietilbod som vi utvida frå tidlegare år. Vi hadde fem familiedagar, og eitt av dei nye tilboda var ein dag for studentfamiliar i opningsveka for Høgskulen i Volda i august.

På arrangementet Spelejenta i oktober var besteforeldre med barnebarn spesielt inviterte. I november stilte 200 born ut kunst i barnekunstutstillinga, som no blir årvisst. Her var familiane til borna spesielt inviterte.

Dette var arrangement som fekk nye grupper til å ta turen til Aasen-tunet for første gong. Dei var dermed viktige tillegg til dei godt innarbeidde familiedagane.

5.3 Barnehagetilbod

I 2009 blei det utarbeidd eit nytt tilbod for barnehagar. I arbeidet med opplegget var Farkvamen barnehage ved Elisabeth Welle referansegruppe, og samarbeidet med barnehagen har vore viktig for utforming av opplegget.

I omvisingar for barnehagegrupper har vi forteljarstund i Gamletunet, der vi fortel om barndommen til Ivar Aasen, vi ser på dei gamle tinga som er att etter han, og det er lesestund på hemsan. Det er også diverse formingsaktivitetar inne i opplegget.

I tillegg til omvising for barnehagegrupper, er barnehagane med på kulturarrangement på festspela som er særskilt retta mot dei. Før jul kvart år arrangerer vi barnekunstutstilling der barnehagane i nærområdet lagar kunst som blir stilt ut i Galleriet i Aasen-tunet. I år laga 211 born kunst til denne utstillinga, mot 88 året før.

5.4 Standard skuletilbod

Dei fleste skuleklassar som kjem til Ivar Aasen-tunet, ønskjer eit opplegg om Ivar Aasen, ser filmen om Aasen, er ute i Gamletunet og får omvising i basisutstillinga. I tillegg får dei gjerne ein ekstra gjennomgang av språkhistorie eller spelar Dialektspelet.

Heilt sidan skuleåret 2000/2001 har Nynorsk kultursentrum hatt til saman 15 ulike opplegg for alle klassesteg frå barnehage til vidaregåande skule. Fleire av tilboda har vore for omfattande og vore lite brukte.

I dei nye læreplanane frå 2007 er læringsmåla meir generelle. Det gjorde fleire av opplegga aktuelle for fleire klassesteg. Vi konsentrerte difor det samla tilbodet om sju faste program. Skulane kunne velje fritt mellom dei ulike tilboda, eller dei kunne be om

eit spesialtilpassa opplegg. Fleire klassar bad om opplegg med meir enn eit tema.

Dette var dei sju standardtilboda i 2009:

Oppvekståra til Ivar Aasen. Barnesteget.

Opplegget vil gjere elevane kjende med oppveksten til Ivar Aasen, og dei får vere med å dramatisere episodar frå oppvekståra.

Ivar Aasens verk med Ivar Aasens ordtak.

Barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande. Elevane blir gjort kjende med mangfaldet i Aasens skrifter, og får praktiske oppgaver om stoffet.

Arkitektur. Barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande. Ei innføring i tankane bak hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet. Elevane får kunnskap om arkitekt Sverre Fehn, og går på oppdagingsferd i bygningen.

Dialektar. Barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande. Gjere elevane kjende med omgrepet dialekt, og gi dei kjennskap til nokre viktige målmerke. Dialektspelet.

Nynorske teikneseriar. Barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande. Opplegget tek for seg særpreg ved teikneseriesjangeren, og elevane blir gjort kjende med ulike nynorske teikneseriar. Elevane får lage sin eigen teikneserie som dei presenterer.

Nynorske dikt. Barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande. Gjennom opplegget ønskjer vi å gi elevane meir kunnskap om dikt-sjangeren og kjennskap til fleire nynorske dikt. Elevane får også skrive egne dikt.

Nynorske pressehistorie. Vidaregåande. Opplegget vil gi elevane innsikt i nynorsk pressehistorie og vise kor viktig massemedium har vore og er for nynorsken.

5.5 Den kulturelle skulesekken i tunet

Frå og med skuleåret 2005/2006 har vi samarbeidd med vertskommunane Ørsta og Volda om tre årlege program innanfor Den kulturelle skulesekken. Dette er eit tilbod til alle i 3., 6. og 10. klasse, til saman om lag 750 elevar. Som året før gjennomførte vi i 2009 ei enkel evaluering blant dei lærarane som var med. Tilbakemeldingane var svært gode.

Det gode samarbeidet med Fjord1 Buss Møre heldt fram i 2009. Transportselskapet stod for skyss av alle elevane til og frå Aasen-tunet. Der det var mogeleg fekk elevane sitje på med eksisterande bussruter og om

det blei sett opp ekstrabuss, dekte kommunane utgiftene for desse. Dermed blei ikkje reisekostnadene noko hinder for skulane.

3. klasse: Bli kjend med Ivar Aasen. For nokre elevar er dette det første møtet med både personen og tunet. Med dette programmet skal elevane bli kjende med Aasen og arbeidet hans, særleg barndom og oppvekst. I 2009 gjennomførte Heidi Alice Aarseth og Lars Ivar Nordal programmet.

6. klasse: Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn og arkitekturen i Aasen-tunet. I L97 var Sverre Fehn eitt av namna som 6.-klassingane skulle møte i kunst- og handverkfaget. I Kunnskapsløftet er namnet ikkje lenger utheva, men tilbodet er like aktuelt. I dette programmet blir elevane kjende med korleis ein arkitekt tenkjer og det særmerkte ved Ivar Aasen-tunet, dei får impulsar om kva arkitektur har å seie, får oppleve detaljar i heilskapen, og til sist set dei – som Fehn – sin eigen signatur på sjølv laga huseikning. Formidlingsleiaren gjennomfører dette programmet.

10. klasse: Det undrande språket. Dette er eit elevprogram om språk og identitet for ungdomssteget i grunnskulen som vi har hatt på plakaten sidan hausten 2004. Programmet blei i 2009 gjennomført med Eirik Helleve og Runar Gudnason. I samtale med elevane sette dei på dagsorden rare og flotte dialektord, språkendringar, knoting, språk og makt og språkvanar. Fleire utstillingsselement i form av rullebanner blei brukte i programmet.

8. klasse: Forfattarbesøk. Dette opplegget er nytt for skuleåret 2009/2010, og er eit tilbod til alle 8. klassar i Ørsta og Volda om besøk av ein forfattar. Det er anten festspelforfattaren som kjem, eller ein forfattar som gjennom si skriving er knytt opp mot tema for festspela. På denne måten ønskjer vi å gjere festspeldiktaren og tema for festspela betre kjend blant ungdom lokalt.

5.6 Den kulturelle skulesekken på turné

Vi gjennomførte 21 framsyningar av *Det undrande språket* for 461 elevar og 45 lærarar ved elleve skular i kommunane: Lærdal, Aurland, Sande, Gaular, Jølster, Askvoll og Voss. Alle framsyningane var ved Eirik Hel-

leve og Runar Gudnasson. Til no har 4689 elevar i fire fylke vore med på dette programmet.

Vi gjennomførte 77 framsyningar av *Katta i sekken* for 2086 elevar og 117 lærarar i sju kommunar: Ulstein, Hareid, Herøy, Sande, Vanylven, Sula og Haram. I 2009 hadde Unn Catodotter Fyllingsnes rolla som forfattar, og Aslak Strønen spela Lurivar. Til no har 7242 elevar i to fylke vore med på dette programmet.

Gjestetal for desse turneane blir rekna som utstillingsgjester, og talet på framsyningar er difor ikkje med i det samla arrangementstalet i 2009.

5.7 Gründercamp og utplassering

Lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda hadde våren 2009 gründercamp. Fire av studentane var i tunet og fekk i oppdrag å tenkje ut ei ny butikkvare for ungdom. Studentane føreslo å lage ein Ivar Aasen-boksar. Den blei både ein snakkis og ein salssuksess, jf. kap. 7.3.

Også Ørsta ungdomsskule hadde gründercamp. To grupper var i tunet for å arbeide med forslag til aktivitetar til Lurivars nettstad, og føreslå eit meir barnevenleg område.

Tre elevar hadde arbeidsveker i Ivar Aasen-tunet i 2009: I april 2009 hadde Anniken Otterdal frå Volda vidaregåande skule (april), Sunniva Widerøe Rotevatn frå Volda ungdomsskule (september), og Hanne Sofie Wernø Nilsson frå Høyland ungdomsskule i Sandnes (desember).

6. Arrangement


Den samla omsetninga for Dei nynorske festspela og kulturprogrammet auka med 18 % frå 2 195 000 kr i 2008 til 2 589 000 kr i 2009. Dette gav eit samla underskot på 165 000 kr, som i 2008.

Dei nynorske festspela gav eit underskot på 231 000 kr, medan kulturprogrammet gjekk med 66 000 kr i overskot.

I alt hadde vi 11 606 gjester på arrangementa våre, mot 11 366 i 2008.

85 tilstellingar var utleigearrangement eller hadde eksterne arrangørar, mot 70 året før. Desse gav 4727 gjester, mot 3186 året før – ein auke på 48 %. På våre egne arrangement minka derimot gjestetallet med 16 % frå 8178 i 2008 til 6879 i 2009.

Figur 7. Arrangementsstader 2000-2009



Vi gjennomførte 127 opne arrangement i 2009 mot 119 året før. Som i 2008 blei kvart fjerde arrangement gjennomført andre stader enn i Ivar Aasen-tunet. I 2009 var vi til stades med arrangement i sju kommunar, som året før.

Vi heldt fram arbeidet med å posisjonere institusjonen i den utvida regionsmarknaden som følgde med opninga av Eiksund-sambandet. Det har vore og vil framleis vere eit mål for oss å stimulere til auka nynorsk kulturproduksjon og aktivitet i heile landet.

6.1 Dei nynorske festspela

Med ei omsetning på 1 704 000 kr nådde Dei nynorske festspela same økonomiske nivået som i 2008. Kostnadene auka vesentleg meir enn inntektene, til 1 935 000 kr. Dette gav eit underskot på 231 000 kr, mot eit underskot på 41 000 kr året før.

Styret styrkte grunnfinansieringa av Dei nynorske festspela også i 2009, med 858 000 kr av statstilskotet, mot 750 000 kr i 2008. Midlane blei særleg brukte til å styrkje den litterære profilen.

Utøvarhonorara har auka kraftig dei siste åra, men blei reduserte kraftig i 2009 utan at dette gjekk ut over den kunstnarlege kvaliteten. Vi betalte 417 000 kr i honorar utanom sosiale avgifter, mot 543 000 året før.

Festspela hadde i alt 5638 gjester på 65 arrangement. Dei siste seks åra har Dei nynorske festspela hatt om lag 6000 gjester, og i 2009 var det budsjetttert med litt lågare

publikumstal enn resultatet i 2008 fordi programmet inneheldt fleire små arrangement.

Ved programlanseringa i 2008 arrangerte vi for andre gong *Vårspela*. Målet var å gi skulane eit festspeltilbod. Som ledd i ein langsiktig plan konsentrerte vi oss i 2009 om å utvikle eit fast årleg tilbod til elevar på 8. årsteg for seinare år i samarbeid med skulekontora i Ørsta og Volda. Vårspela var i 2009 dermed avgrensa til programlansering i Oslo og i Ivar Aasen-tunet, der det også var frivilligmøte og arrangement med festspeldiktaren Tove Bakke om kvelden.

Festspela heldt fram med å styrkje sin kunstnarlege posisjon med arrangement med høg kunstnarleg standard, noko ikkje minst barnearrangementa var gode døme på. Vêret var fantastisk, med opp i 30 grader midt på dagen, noko vi reknar som medverkande årsak til at publikumsoppslutninga på to av barnearrangement vart låg. På begge desse arrangementa var det få førehandstinga billetter. Det flotte sommarvêret gjorde at vi ikkje måtte flytte inn noko arrangement som var planlagt ute.

Arrangementet vi hadde på Volda bygdetun laurdagskvelden var spennande sett saman med den lokale og nasjonalt kjende gruppa Side Brok og gruppa Tabanka Crew med unge dansarar av mange ulike nasjonalitetar. På dette arrangementet hadde vi samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune om Kulturrabatt for ungdom som gav 50 prosent avslag på billett for ungdom i alderen 16–20 år. Denne avtalen og samansetjinga av programmet gjorde at vi fekk eit yngre publikum enn det ofte er på ein festspelkonsert. Totalt kom det likevel ikkje så mange tilhøyrarar som vi hadde budsjettert med. Noko av årsaka til det kan vere konkurrerende arrangement andre stader i vertskommunane same kvelden.

Temaet *Med andre ord* var eit naturleg val då vi for første gong hadde ein omsetjar som festspeldiktar, og temaet prega programmet alle festspeldagane, både i litterære arrangement og på konsertar. Temautstillinga *Det største språket* handla om omsetjing og gjendikting. Festspeldiktaren var sentral i denne utstillinga, som inneheldt m.a. eit fotografi som viser festspeldiktaren Tove Bakke i

samtale med ein parisisk arkitekt som teikna og forklarte arkitektoniske detaljar som var viktige i omsetjinga av boka *Lykka er ein sjeldan fugl* av Anna Gavalda.

I høve dramatikaren Jon Fosse sin 50-årsdag, stilte kunstnaren Eva Laila Hilsen ut verk frå kunstnappene *Eit rom, eit hus* (2001) og *Blå* (2005) i festspelutstillinga *Fosse i eit rom*. Biletkunsten var såleis i dialog med litteraturen også i denne festspelutstillinga.

Den *litterære og språklege* delen var prega av at nærmare 20 forfattarar og omsetjarar var med, frå dei yngste som prøver seg ut til dei tungt etablerte. Om lag 35 arrangement hadde litterære innslag eller handla om språk og litteratur, medrekna konsertane som var bygde opp rundt litteratur. Dette gjeld t.d. konserten "Ellivan" med dikt av Elling Vanberg med Arve Henriksen i spissen for muskarane Jan Bang, Terje Isungset og Karl Seglem.

Nytt av året var festspelpøbb på Studenthuset Rokken i Volda som skulle vere eit alternativ til Målbar på Møre folkehøgskule i Ørsta. Jazzklubben Volda Ørsta arrangerte festspeljam to av kveldane, og vi hadde program der dei to andre kveldane. Den eine kvelden framførte Tom Roger Aadland songar under tittelen "Blod på spora" som er hans eigne gjendiktingar av tekstar av Bob Dylan.

Festspeldiktaren Tove Bakke eller hennar omsetjingar og gjendiktingar var med på 12 arrangement, på alt frå opplesing i lag med den franske forfattaren Marie Desplechin som ho har omsett, til Språkbasar på Målbar, og samtalen "Med andre ord: Dialekt i omsetjingar", i samarbeid med Norsk Oversetterforening.

Arbeidet med å styrkje born og unge sin språklege sjølvtilit heldt fram, og vi hadde eit omfattande tilbod med arrangement for alle aldersgrupper. Som året før hadde vi framsyninga *Katta i sekken* på Utescena i Ivar Aasen-tunet om laurdagen. I høve 250-årsjubileet for Sivert Aarflot, arrangerte vi i samarbeid med Sunnmøre Museum som eig Sivert Aarflot-museet på Ekset ei vandring i Ivar Aasen sine fotspor frå Ekset til Åsen, spesielt tilrettelagt for 9–12-åringar. For tredje året på rad arrangerte vi skriveverkstad

i Aasen-tunet ein laurdag i mars. Forfattaren Odveig Klyve leidde kurset med 19 deltakarar. Nokre av desse framførte eigne tekstlar på eit arrangement under Festspela der Odveig Klyve, festspeldiktaren Tove Bakke og den franske forfattaren Marie Desplechin var med.

Litteratur i fleire sjantrar blei henta fram og formidla, også på arrangementet NRK Nynorsk mediesenter stod ansvarlege for. Der vart omsett litteratur for born debattert med høg temperatur i salen. *Litteratur med Landro* heldt fram på femte året, og Paal-Helge Haugen heldt Ivar Aasen-minneforedraget med tittelen "Å løfte seg sjølv etter teksten". Kultur- og kyrkjedepartementet sin nynorskpris for journalistar gjekk i år til ei av dei mest særigne stemmene i NRK P3, Ronny Brede Aase. Språksjonglør, radiopersonlegdom, ungdomsføredøme, friskt pust – godorda hagla då det vart kjent at han skulle få prisen.

Rolf Theils språkreise jorda rundt heldt fram, denne gongen under tittelen "Dei ti verdsspråka". For andre året på rad vart arrangementet *Voggesong* i løa på Brudavolltunet i Ørsta, arrangert av Ørsta Bygdemuseumslag. Programmet for dette arrangementet var tett knytt opp til temaet for årets festspel, og festspeldiktar Tove Bakke og musikal Karl Seglem tok del. Festspela sin yngste utøvar var ei lita jente på nokre månader som var med på scena i lag med faren sin då det vart demonstrert babysong.

Vi innleidde i 2009 eit samarbeid med Volda omsorgssenter om eit arrangement laga spesielt for den arenaen. Karl Seglem framførte både eigne dikt og musikk. Dette samarbeidet skal vidareførast i dei komande åra.

Eit godt samarbeid med handelsstanden samla om lag 450 gjester til festspelfrukost og andre aktivitetar som barneboktorg, brukboktorg og opplesing for både vaksne og born i sentrum av dei to bygdebyane. Vi fekk også sjå Tabanka Crew danse noko av det dei seinare skulle framføre på Volda Bygdetun. Vikebygda sanitetslag hjelpte til med serveringa av frukosten i Volda, og før arrangementet var ferdig, lodda dei ut ge-

vinstar dei hadde selt lodd til under frukosten.

Den no årvisse festspelferjeturen gjekk frå Volda og innover Austefjorden, og det var som tidlegare år godt billettsal til turen, men denne gongen ikkje heilt utseld. Om bord fekk publikum som vanleg både ord og musikk. Ragnar Hovland og Agnes Ravatn stod for litteraturen, og Storm Weather Shanty Choir framførte spenstige shanty-songar. Fartøyet var for andre gong MF "Folkestad", fullrigga med vimplar som det høver seg ei festspelferje.

MålBar på Møre folkehøgskule blei også i 2009 ein god og meir uformell møteplass for publikum, frivillige og utøvarar.

Det tradisjonsrike og viktige Aasen-stemnet var som vanleg siste post på programmet. I 2009 song Damekoret Lyst, leiar av Noregs Ungdomslag, Gunhild Berge Stang, heldt stemnetale, og Per Arne Glorvigen på bandoneon avslutta med ein konsert med både verbale og musikalske krumspring.

Som arrangement blei Festspela gjennomførte med stor innsats frå om lag 50 frivillige. Festspela er avhengige av innsatsen frå dei frivillige, og det gledelege er at det i 2009 også var fleire unge som viste interesse for Dei nynorske festspela, og som gjorde ein flott innsats som frivillige.

Festspela står støtt og fast som eit lokalt og nasjonalt arrangement, men her er det framleis mykje å gjere, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Utan dei mange samarbeidspartnarane hadde det vore umogleg å lage det festspelprogrammet publikum fekk i 2009.

Ei solid grunnfinansiering er på plass, og den er større enn mange festivalar av same storleik har å rutte med. Likevel er det vanskeleg å drive Festspela i pluss. Dei nynorske festspela er det viktigaste profileringstiltaket for institusjonen, men treng fleire samarbeidspartnarar å fordele risiko på og hente impulsar frå.

Komplett festspelprogram ligg ved.

6.2 Kulturprogram

Etter mykje mindre omsetning for kulturprogrammet vår, sommar og haust i 2008 enn i 2007, kom vi i 2009 oppatt på 2007-

nivået. Vi omsette for 885 000 kr, som var ein auke på 63 %. Dette gav eit overskot på 66 000 kr mot eit underskot på 124 000 kr i 2008. Etter den kostnadskrevjande satsinga på opninga av utescena i 2008 var vi i 2009 dermed tilbake til eit ordinært driftsår.

I 2009 inneheldt kulturprogrammet 62 opne arrangement, utstillingar ikkje medrekna, mot 58 i 2008. Her er også opne utleige-arrangement rekna med, jf. vedlegg s. 58 ff. I prosent blei like mange av arrangementa avvikla i Ivar Aasen-tunet som året før.

Arrangementa samla 2556 gjester, mot 2945 året før (utleigearrangement ikkje medrekna). Gjestetala var nokså like for dei tre sesongprogramma.

Vårprogrammet blei gjennomført frå 22.1. til 26.4., sommarprogrammet frå 15.6. til 30.8., og haustprogrammet frå 6.9. til 6.12.

Vi opna *vårsesongen* med ein spektakulær iskonsert på Utescena med musikk av Terje Isungset. Han spelte på isinstrument laga av is, og Lena Nymark song. Det vart eit spennande prosjekt, då gradestokken viste fleire plussgrader enn det som var ideelt. I mars gjennomførte vi ein turné med Ragnar Hovland som heldt "Dr. Munks popkviss" både i Volda, Ulsteinvik og på Nordfjordeid.

Vi bygde vidare på *sommarprogrammet* vi utvikla i 2007 og 2008, men utvida det til også å vare ut heile august og gjennomførte tolv arrangement, dei fleste i Ivar Aasen-tunet. I tillegg kom spesialomvisingar med tunkatten Lurivar for born tysdagar og fredagar frå sommarsesongen opna 15.6.

Programformatet *Ung arena* gjekk vi tilbake til å ha to søndagar i juli, frå fire i 2008. Med desse arrangementa gir vi ei scene til unge utøvarar frå regionen. Festspeldiktaren 2010, Rønnaug Kleiva, vart presentert i Aasen-tunet på Ivar Aasens fødselsdag 5.8, og vi markerte for første gong Sverre Fehn sin fødselsdag 14. august, med eit arrangement i samarbeid med arkitekt Møre og Romsdal arkitektforening og Sogn og Fjordane arkitektforening. Dette samarbeidet er planlagt å vere årvisst. Vi fekk også i 2009 besøk av Bjørnsonfestivalen sin festivalforfattar, denne gong den egyptiske forfattaren Nawal El Saadawi. Vi arrangerte i lag med Ryfylkemuseet, Asker Museum og Rasmus Løland-

markeringa 2007–2011 ein kveld om barnelitteratur på Litteraturhuset i Oslo.

Sommaren er ei tid med få konkurrerande arrangement, spesielt i juli, og tilbodet blir utvikla vidare. Vi rekna for første gong sommarprogrammet til å vare ut heile august. Vi hadde i 2009 eit tilbod til studentane som inngjekk i programmet for Fadderveka, same veka som det var studiestart på Høgskulen i Volda.

Litteraturen prega sterkt kulturprogrammet i *haustsesongen*, med arrangement både for born og vaksne. Sesongen starta med eit møte med fantasydebutanten Kristine Tofte i samtale med May Grethe Lerum. I oktober vart besteforeldre i lag med barneborn spesielt inviterte til framføringa av Spelejenta av Jon Fosse til tonefølje av felespelaren Benedicte Maurseth. Vi fekk fleire tilbakemeldingar om at det var svært positivt at vi hugsa på besteforeldra i programplanlegginga.

Boknatta i november vart denne gongen ein stor suksess med fullt hus og eit program som femna om mange sjangrar og ulike framføringsformer, med alt frå samtale og opplesing til biletvising på storskjerm og dramatisering av ulike sekvensar frå årets ferske litteratur.

Direktørens årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur blei halden i Tromsø.

Elles inneheldt programmet den velkjende blandinga vår av litteratur og musikk, med forgreiningar til aktivitetstilbod som soppdag og juleverkstad.

Komplett kulturprogram ligg ved.

7. Kafé og butikk


Butikken og kafeen nådde i 2009 det same høge omsetningsnivået som i rekordåret 2008. Den samla omsetning auka med 4 % frå 1 632 000 kr i 2008 til 1 697 000 kr i 2009. Av dette utgjorde internomsetninga 184 000 kr. Dette gav eit samla overskot på 162 000 kr mot 231 000 kr året før.

Netto matsal utgjorde 59 % av omsetninga i kafeen, og boksal stod for 44 % av

omsetninga i butikken. Sett under eitt fordelte bruttoomsetninga seg som vist i figur 7.

Den store salssuksessen i butikken var Ivar Aasen-boksaren.

Figur 8. Brutto kassaomsetning 2009



Kvar registrert gjest la att kr 73,70 i kafé og butikk, mot kr 65,30 i 2008. Dette er høge tal i museumsbransjen.

Kafeen og butikken er framleis ein viktig og integrert del av det samla publikumstilbodet, og for eigeninntektene til institusjonen. Berre 36 000 kr av marknadsføringskostnadene blei førte på kafeen og butikken direkte.

7.1 Kafé

Omsetninga i kafeen minka med 2 % frå 899 000 kr i 2008 til 877 000 kr i 2009. Av dette utgjorde internomsetninga 129 000 kr, mot 211 000 kr året før – der mykje skreiv seg frå stordagen i april. Drifta gav eit overskot på 62 000 kr, mot 152 000 kr i 2008.

Kafeen omsette for kr 34,10 pr. registrert gjest, utanom internomsetning og lokaleige, mot kr 29,00 i 2008. For første gong omsette kafeen kaffi og te for over 100 000 kr brutto. Kafeen tilbyr no rettvis kaffi som ein del av sortimentet, og Friele har etter oppmoding frå oss laga nye informasjonsplakatar på nynorsk.

Kostnadsfaktoren viser kor mange prosent varekjøp utgjer av omsetninga. Denne faktoren har vi greidd å halde låg i mange år. Høg omsetning og god kostnadsstyring reduserte kostnadsfaktoren frå 36 % i 2008 til til 32 % i 2009.

Dei høge lønskostnadene jamført med omsetninga, og prispresset frå konkurrerande tilbod med andre krav til matproduksjon enn våre, gjorde det framleis vanskeleg å ta dei prisane vi burde ha.

Programansvarleg og kjøkkenleiar samarbeidde også i 2009 tett om kafétilbod ved kulturarrangementa. Dette gir viktige inntekter, sjølv om vi enno ikkje heilt har klart å etablere ein kultur for kafébesøk ved arrangement.

Hausten 2009 la vi grunnlaget for ein kostnads- og nytteanalyse av ulike arrangement. Resultatet blir klart våren 2010.

Dei fem festspeldagane er den årlege omsetningstoppen. I kafeen auka bruttoomsetninga, utanom internomsetninga med 13 % frå 124 000 kr i 2008 til 140 000 kr i 2009. For kaféomsetninga sin del treng vi mange arrangement med matsal som ein integrert del av tilbodet i tunet.

Omsetninga i sommarsesongen juni–august auka frå 294 000 kr i 2008 til 298 000 kr i 2009. Også dette året handterte sommarvikarane kafeen i ferien til kjøkkenleiarane. Dette reduserte personalkostnadene, men gjorde det likevel mogleg å gi publikum eit godt tilbod.

Som før er kafeen ein viktig del av det samla publikumstilbodet vårt. Det skal alltid vere open kafé med mattilbod når Ivar Aasen-tunet er ope. Vi skal tilby ein variert meny med mat av høg kvalitet, laga av gode råvarer og minst mogleg halvfabrikata. I staden for middag tilbyd vi smakfulle smårettar i tillegg til kaker, kjeks, kaffi og te.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil, men vi prøver å kombinere det tradisjonelle med det moderne. Vi har utvikla ein eigen gruppemeny, og ein meny med to- og trerettarsmiddagar for ulike typar selskap.

7.2 Utleige

Etter ein nedgang i 2008 auka inntektene frå lokalutleige med 84 % frå 44 000 kr i 2008 til 81 000 kr i 2009. Summen er med i omsetninga for kafeen i kap. 7.1.

Talet på reine utleigearrangement auka frå 64 i 2008 til 103 i 2009. Dette gav oss 4727 gjester, mot 3186 året før (utleige og eksterne arrangement). For den samla omsetninga og ikkje minst for resultatet for kafeen var utleigegjestene endå viktigare i 2009 enn før. Utleigearrangementa er meir føreseielege og lettare å planleggje både i innkjøp av råvarer,

bemanning og tidsbruk. Difor blir utleige eit jamt viktigare inntektsgrunnlag for kafédrifta, og ein viktig del av den allmenne marknadsføringa av institusjonen.

Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta tilboda våre i 2009. Kafeen blir også brukt jamt meir til konfirmasjonar, fødselsdagsfeiringar og andre private arrangement.

Prisane for utleigetjenester blei auka frå januar 2009. I tillegg til vanlege utleigepreisar for dei ulike lokala lagar vi differensierte arrangementspakkar etter avtale.

Den gamle utleigebrosjyren blei delvis brukt også i 2009. Arbeidet med ny brosjyre er i gang og blir slutført våren 2010.

Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen. Salen har eit stort potensial som enno ikkje er teke ut, og framleis kan både lyd, lys og ventilasjon bli betre. Særleg gjeld dette betre fordeling av varme og ventilasjon, enkellare regulering av lysrigg og ikkje minst å fjerne lukt frå avløpssystemet.

7.3 Butikk

Omsetninga i butikken auka med 12 % frå 733 000 kr i 2008 til 820 000 kr i 2009. Av dette utgjorde internomsetninga 55 000 kr mot 61 000 i 2008. Drifta gav eit overskot på heile 100 000 kr mot 79 000 kr året før.

Omsetninga i sommarsesongen juni – august auka til kr 350 000 mot 339 000 året før. Festspeldagane fall omsetninga med 6 % frå 113 000 kr i 2008 til 106 000 kr i 2009. Desse fem dagane blir likevel viktigare og viktigare.

Butikken omsette for kr 39,60 pr. registrert gjest, utanom internomsetning, mot kr 36,30 i 2008.

Kostnadsfaktoren blei redusert frå 70 % i 2008 til 68 % i 2009 (sjå kap. 7.1). Både eigenproduserte og andre varer skal halde høg kvalitet. Dette gjer det vanskeleg å setje ut-salsprisane høgt nok. Vi selde meir av andre varer enn bøker enn før, men vi selde ein god del varer for billig. Den positive utviklinga i butikken kan etter kvart utløyse behov for auka kapasitet.

I 2009 selde vi bøker for 357 000 kr, mot 278 000 året før (inkl. mva, utan internom-

setning). Dette utgjorde i 2009 44 % av totalomsetninga, mot 37 % året før. Bokvinnaren i 2009 var *Den nynorske songskatten* av Terje Aarset. Også *Tonje Glimmerdal* av Maria Parr selde godt. Det same gjorde klassikarar som *Symra* og Ivar Aasens *Ordtak i utval*.

Salet av andre varer enn bøker, medrekna kommisjonssal av keramikk og smykke, auka frå 474 000 kr i 2008 til 555 000 kr i 2009 (inkl. mva, utan internomsetning).

Butikken prøver framleis å føre eit breitt utval av nynorsk litteratur, særleg kjernelitteratur om og av Ivar Aasen og andre bøker om nynorsk, språk- og kulturhistorie og Sverre Fehn/arkitektur. Etter at Haugen Bok AS i 2009 la ned bokhandelen i Volda og gjekk over til rein nettbutikk, satsa vi meir på nyare nynorskbøker både for born og vaksne. Vi heldt fram med å ta inn bøker og musikk av utøvarar som var med i kulturprogram og festspelprogram.

7.4 Nettbutikk

Etter at vi i 2008 for første gong satsa tydeleg på nettbutikken, har salet auka mykje. Ordretalet auka frå 144 i 2008 til 380 i 2009, og omsetninga auka med 150 % frå 55 000 kr i 2008 til 142 000 kr. i 2009. Med det auka omsetninga i nettbutikken frå 7 % av samla butikkssal i 2008 til 16 % i 2009.

Suksessen Ivar Aasen-boksaren skal nok ha sin del av æra for dette, men også bøker og andre varer gjekk godt unna. Her er det framleis mykje å hente i både eksponering, oppdatering, teknisk løysing og marknadsføring.

Ved årsskiftet kunne nettkundane velje mellom over 250 varer. Kvar månad var 150–1250 gjester innom nettbutikken. Færast var der i feriemånaden juli, medan haustmånadene som vanleg var handletid – med ein topp i november.

7.5 Vareutval og lagerhald

Ved årsskiftet hadde butikken 457 varer på lager, mot 395 året før. Vi greidde ikkje å gjennomføre den planlagde utskiftinga av kasse- og lagersystemet i 2009, som difor blir fullført våren 2010. Denne moderniseringa vil lette arbeidet og gi betre oversyn og styring.

Butikken utvikla også i 2009 fleire nye varer. Det mest nyskapande produktet var Ivar Aasen-boksaren, etter idé frå ei gruppe lærarstudentar på ein gründercamp ved Høgskulen i Volda. Lang leveringstid og uføre-sette hendingar i produksjonslandet Kina skapte vanskar med levering av dei om lag 700 boksarane som var førehandsselde på nettbutikken, men dei fleste kundane tok det med godt humør. Nytt parti blir levert våren 2010.

Festspelkruset var nr. 7 i rekkja med originaltekstar av festspeldiktarar, og hadde ein tekst av Anna Gavalda, omsett av Tove Bakke. Både dette og dei tidlegare festspelkrusa sel godt og har blitt ei profilvare. I tråd med butikkplanen blir dei tre eldste krusa nyproduserte med dagens utsjånad i 2010.

Festspel-t-skjorta med tekst av festspelomsetjaren blei vellukka, men opplaget var for stort.

Vi utvikla også fleire nye produkt som gjekk godt, til dømes handlenett og boklampe med Ivar Aasen-ordtak.

Barne-t-skjortene ”Tunkatten” og ”Du skulle berre visst...” blei så populære at den sistnemnde også måtte lagast for vaksne. For born laga vi tunkattkrus i to storleikar.

Rolf Vatn-keramikken med Aasen-handskrift og dei nynorske ordsmykka til Katrine Berg selde framleis godt. Halssmykka er no supplerte med nynorske ordningar.

Langtidsplanen for butikken blei revidert i 2009, og vil vere ein god reiskap for vidareutvikling.

8. Nettstadene


I 2009 hadde nettstadene 264 904 gjester, mot 286 145 året før. Aktiviteten er lågast i sommarmånadene, særleg juli og august. Ei viktig årsak til dette er at mange av nettressursane våre i stor grad blir brukte av skulane.

Publikum kunne i 2009 velje mellom 9 500 tekstdokument på nettstadene, mot 8150 året før.

I 2009 fekk sidene om Ivar Aasens liv og verk ny presentasjon. Ivar Aasens brev og

dagbøker blei publiserte i nyredigert utgåve. Diktet ”*Nordmannen*” fekk fornya interesse i samband med reklamefilmen *Made by Norway* frå Aker ASA. Til premieren 3.9. laga vi ei eiga temaside om diktet på aasentunet.no.

Figur 9. Unike brukarar på nettstadene 2007-2009



I 2006 tok vi i bruk eit nytt statistikkprogram som lukar ut søkerrobotar m.m. Tala før og etter 2006 kan difor ikkje jamførast direkte. Utviklinga frå 2007 er vist i figur 9.

8.1 aasentunet.no

Nettstaden *www.aasentunet.no* blei opna 26.4.2000, to månader før Ivar Aasen-tunet blei opna. Ved utgangen av 2009 var om lag 9 000 tekstdokument tilgjengelege på nettstaden.

8.2 tunkatten.no

Tunkatten.no er eit aktiviserande formidlingstilbod for born i alderen 5–12 år om med nynorsk språk og litteratur. Nettstaden blei opna 12.9.2006 og inneheldt ved årsskiftet litt over 300 dokument, inkludert lydfiler og notar til songane i Tunkattens songbok.

8.3 garborgnett.no

Nynorsk kultursentrum tok i 2002 over *www.garborgnett.no* frå Stiftinga Garborg-året 2001. Nettstaden inneheld om lag 200 dokument og er eit temabasert oppgåvetilbod til elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule.

8.4 Besøk og bruk


År for år har vi bygt ut aasentunet.no i retning av at dette skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Vi vil også at

den skal vere betre enn rådande offentleg standard for nettstader.

Det faglege innhaldet er ein svært viktig del av nettstadene, og dei største brukarane er skular rundt om i landet. Mange elevar, studentar, lærarar og andre fagfolk finn tilbod på nettstadene våre som dei ikkje finn andre stader. Difor var tunkattens *Aktivitetar og spel* det mest populære området på nettstadene i 2009 med 18 800 gjester på opningssida. Sidene om *Ivar Aasens liv og verk* hadde nesten like mange gjester (18 200), medan *Tunkattens songbok* (9 800) var den tredje mest besøkte delen av nettstadene.

Tunkattens songbok tilbyr nedlasting og avspeling av lydfiler med songane. I 2009 gav dette 32 800 avspelingar og 15 000 nedlastingar, mot høvesvis 22 150 og 16 900 i 2008. Som i 2008 var den mest populære songen "Bøna", ein av to vinnarar i tunkattens songkonkurranse i 2007. Songen blei spelt av eller lasta ned 3474 gonger.

Figur 10. Sidevisingar pr. månad 2009



Halvparten av brukarane (51 %) kom til nettstadene gjennom søkjemotorar som Google, Kvasir og ABCsøk. 28 % kom direkte inn på nettstadene, medan 21 % kom gjennom peikarar frå andre.

Kvar nettgjest såg i gjennomsnitt på 2,9 sider i 2009, mot 2,4 sider året før.

8.5 Nettbiblioteket

Fedraheimen er den største samla tekstmengda som er blitt publisert i Nettbiblioteket. Ved utgangen av året var om lag 4200 artiklar frå dei sju første årgangane publiserte.

Det meste frå Ivar Aasens hand er tilgjengeleg. Rekna som enkeltdokument hadde vi publisert over 600 digitale tekstar av Ivar Aasen ved årsskiftet. Til no har vi også publisert 15 artiklar og dikt om Aasens liv og

verk. I 2009 blei også Ivar Aasens brev og dagbøker publiserte i fullstendig form, med språkforskaren Reidar Djupedals kulturhistoriske og biografiske merknader og tilpassa dagens bruk av Internett. Det heile var tilrettelagt av Eirik Helleve.

Nettbiblioteket blei opna i 2001. Dette er og skal vere den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.

Til no har vi bygt opp biblioteket ved at vi har gått over gjerdet der det har vore lågast, til dømes med dugnadsprosjekt, og der det har vore midlar å hente til publisering. Vi har konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg, dvs. av forfattarar som døyddde før utgangen av 1938. Dei fleste tekstane skriv seg frå før 1920.

Nettbiblioteket inneheld difor både sentrale og kuriøse tekstar frå den nynorske kulturhistoria. Det kuriøse ligg særleg i utvalet av forfattarar, som til no har vore nokså vilkårleg.

8.6 Allkunne

2009 var det første heile driftsåret til Allkunne AS. Selskapet blei skipa 20.08.2008. Bak selskapet står Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum. Ved inngangen til 2007 fekk Det Norske Samlaget ei ekstraløyving frå Kultur- og kyrkjedepartementet til produksjon av "nye artiklar om nynorsk kulturhistorie på Internett". Prosjektet fekk først namnet "1001 tekstar", og etter at Allkunne AS var skipa, blei "1001 tekstar" overført dit.

I styret sat Arild Thorbjørnsen (styreleiar), Magni Hjertenæs Flyum og Tom Skovdahl. Dagleg leiar var Randulf Rønningen (til 31.3.) og Eirik Helleve (frå 1.4.).

Allkunne blei offisielt opna 20.10.2009. Ved utgangen av året hadde vi tinga 1625 artiklar frå 76 forfattarar. Av dei tinga artiklane var 880 artiklar (54 %) publiserte, med ei samla tekstmengd på 1,3 mill. teikn. Vi hadde 28 488 unike brukarar som såg på 75 681 sider.

Redaksjonen under leiing av hovudredaktør Ottar Grepstad blei utvida til sju medlemmer. Forfattar og historikar Aina Basso, journalist og realvitar Kjerstin Gjengedal,

bibliotekleiar Kirsti Langstøyl, lektor Vibeke Lauritsen, og sjefredaktør Sverre Tusvik.

Redaksjonen arbeidde særleg med strategisk prioritering av oppslagsord, utvikling av redaksjonelle standardar, og planlegging for omsetjing og oppdatering av 32 000 artiklar frå Caplex. Til delprosjektet ”1001 tekstar” stod det ved årsskiftet att 1,2 millionar kr.

Driftsgrunnlaget er førebels eigeninnsats og årlege løyvingar frå Kultur- og kyrkjedepartementet via Det Norske Samlaget frå og med 2006. Driftskostnadene var på 2,1 millionar kr. Av dette var 242 000 kr eingongshonorar til artikkelforfattarar. Drifta gjekk med eit underskot på 283 000 kr. Ubrukte midlar på 3,2 millionar kr blei overførte til 2010.

9. Informasjon

Vi brukte 733 000 kr i marknadsføring i 2009, mot 885 000 kr året før. Dette utgjorde 5,4 % av samla driftskostnader, mot 6,5 % i 2008, utanom lønskostnader.

Administrasjonen praktiserte også i 2009 open informasjon og svara på alle dei spørsmåla som kom. Styresmaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss, men vi har sidan 2004 praktisert meiroffentlegheit, blant anna med offentleg tilgjengeleg postjournal. Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet Aasen-tunet representerer.

9.1 Presse og kringkasting

Vi sende i 2009 ut over 100 pressemeldingar. Dei fleste blei også publiserte på nettstaden.

Nynorsk kultursentrum fører ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar for alle arrangement. Vi sender også ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspresse og tidsskrift.

Aker ASA sin reklamefilm *Made by Norway* der diktet ”Nordmannen” utgjorde all tale, gav mykje merksemd også for Ivar Aasen-tunet, i trykte medium og på Internett.

Ved lanseringane av kulturprogramma vitja programansvarleg og informasjonsleiar

utvalde redaksjonar. Festspelprogrammet blei lansert med eigne pressekonferansar i Aasen-tunet og Oslo same dagen.

Sverre Fehn døydd 23.2. Dette fornya merksemda om verka hans, og dermed også Ivar Aasen-tunet. Dette blei synleg gjennom riksaviser og på NRK der det blei laga eit portrettprogram om Fehn. Arkitekturtidsskriftet *Arkitektur N* kom på slutten av året med eit temanummer om Fehn, der dei mellom anna presenterte nye bilete frå Aasen-tunet.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK abonnerte vi på medieklipp frå Retriever.

9.2 Trykksaker

I 2009 gav vi ut tre utgåver av meldingsbladet *Symra*, i januar, juni og september. For første gong gav vi ut ei eiga utgåve til sommarsesongen, med profilering av både kulturtilbod og utstillingstilbod. Alle utgåvene blei trykte i om lag 20 000 eksemplar, og inneheldt smånotisar og oversyn over kulturprogrammet. Bladet blei distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Eid, Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Dei nynorske festspela hadde i 2009 same grafiske profilen på alle trykksakene. Plakat, programavis, annonsar, festspelbanner og flagg til sentrumsgatene blei laga lokalt på bakgrunn av ein grafisk profil som elleMelle utvikla i 2007. Vi laga også t-skjorter med sitat frå ei Anna Gavalda-bok, omsett av festspeldiktaren Tove Bakke.

Festspelavisa var som tidlegare år ei eigenprodusert avis i tabloidformat, 28 sider i fire fargar. Avisa blei trykt i 38 000 eksemplar og distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten 10.6., og lagt ut i butikkar og andre samlingsstader i regionen.

Vi sende også ut eigen programfaldar til alle husstandane i dei åtte nærmaste kommunane.

Festspelplakaten blei trykt i 1000 eksemplar i fleire format og send til mellom andre bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar.

Sommarsesongen blei marknadsført med eigen plakat. Denne blei hengd opp lokalt og

elles distribuert til utvalde nynorskkommunar og turistinformasjonar.

9.3 Annonsering

Alle kulturarrangement blei annonserte i lokalavisene Møre, Møre-Nytt og Vikebladet, i fleire annonsar i Vestlandsnytt og Sunnmørsposten, og i einskilde andre lokalaviser på Sunnmøre.

For Dei nynorske festspela brukte vi i 2009 det same til riksannonsering som året før, og litt mindre til lokal annonsering.

Vi var også i 2009 med i Ørsta Reiselivslag og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre si marknadsføring av regionen, og hadde både redaksjonell omtale og egne lysingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kulturreisemål.

I heile 2009 hadde vi fast reklameplass til ein plakat i lyskasse på Tide-ferja mellom Volda og Folkestad og på ei av Fjord1-ferjene mellom Festøya og Solavågen.

9.4 Sosiale medium

I 2009 tok vi i bruk sosiale medium som Facebook, YouTube og Twitter. Vi oppretta egne sider for både Ivar Aasen-tunet og Dei nynorske festspela på Facebook, der vi mellom anna la ut informasjon om dei fleste arrangementa.

I mars laga vi ni små videosnuttar i form av intervju med festspeldiktaren om forventningar til Festspela. Desse blei publiserte både på Facebook og YouTube i vekene fram mot Festspela.

Meldingskanalen Twitter blei i 2009 mest brukt for å skape merksemd om Aasen-tunet ved å publisere utval av Ivar Aasens ordtak.

9.5 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) var vi mellom anna med i reisemålskatalogar frå FjordNorge, i tillegg til at Ivar Aasen-tunet er nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga. Vi presenterte Ivar Aasen-tunet og Festspela på lokale samlingar for medlemmer av DÅS, m.a. på Sæbø.

9.6 Skilting til tunet


Ivar Aasen-tunet er skilta frå E39 i begge retningar. Skilta følgjer den nye skiltmalen til Statens vegvesen og er brune. Dei skil seg difor meir ut frå andre vegskilt i området.

For dei som kjem frå sør, kjem skilta litt brått på, knappe 150 meter frå avkøyringa. Vi har førebels ikkje fått skilt på Volda-sida og Ulstein-sida av rundkøyringa i Furene.

10. Gjester

Nynorsk kultursentrum hadde 19 562 gjester i 2009 mot 22 300 i 2008. 8956 gjesta utstillingane, medan 11 606 var på arrangement. Sjølv om vi hadde færre gjester enn året før, har vi stabilisert oss. Det meste av tilbakegangen frå 2008 kjem frå færre skuleturnear og dei mange gjestene på opninga av utescena i 2008. Utleigegjester og eksterne arrangørar auka derimot med 48 %. Det viste godt att i omsetninga for kafeen og butikken.

Figur 11. Gjester og brukarar i alt 2000-2009



Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 185 912 gjester. Nettstaden hadde 264 904 unike treff mot 286 145 året før.

10.1 Gjesteprofil

Den offisielle museumsstatistikken frå ABM-utvikling for 2008 er den nyaste tilgjengelege.

6 museumseiningar i Møre og Romsdal hadde i 2008 372 420 gjester. Av dette stod Nynorsk kultursentrum for 6 %, mot 4,8 % i 2008. Derimot hadde vi 95 % av alle nettstadgjester i fylket i 2008.

Tabell 1
Gjesteprofil etter aktivitet og år 2005-2009
Prosent

	2005	2006	2007	2008	2009
Kulturprogram	18	19	15	13	13
Festspela	38	37	37	28	22
Utleige	21	14	13	14	24
Utstillingar	23	31	35	45	41
Sum	99	99	100	100	100

26 % av gjestene våre deltok i 2008 i pedagogisk verksemd for barn og unge, mot 23 % for heile fylket og 18 % for alle museum i landet.

Tabell 1 syner både at gjesteprofilen endrar seg med tida og at svingingane er store frå år til år. Utleigegjester og eksterne arrangørar utgjorde ein større del av gjestene våre i 2009.

Tabell 2
Gjester etter sesong 2005–2009
Prosent

	Vår	Sommar	Haust
2005	26	52	22
2006	26	52	22
2007	21	49	30
2008	37	38	26
2009	36	47	16

Tabell 2 syner at vi hadde fleire gjester i sommarsesongen og færre i haustsesongen enn tidlegare. Nedgangen kjem mest av at vi hadde færre skuleturnear i 2009. Gjestetala for sommarsesongen utanom Dei nynorske festspela auka 40 % frå 2008 sjølv om vi hadde færre gruppegjester i juni.

10.2 Gjesteundersøking

Den vanlege gjesteundersøkinga i sommar-sesongen blei sist gjennomført i 2008, og blir på ny gjennomført i 2010.

Som i 2007 gjennomførte vi ei enkel gjesteundersøking under Dei nynorske festspela. 105 gjester blei plukka tilfeldig ut på ein systematisk måte, mot 153 i 2007. Utvalet er lite og prosentutslaga blir dermed store. Mange av tendensane var dei same i 2007 og 2009. Det tyder på at undersøkinga gir oss informasjon vi ikkje bør oversjå, men heller ikkje må lese for mekanisk. På nokre punkt kan vi jamføre med ei undersøking frå 1994.

Halvparten var menn, halvparten kvinner, som i 2007 (og i 1994). Seks av ti gjester var mellom 40 og 70 år, mot sju av ti i 2007. Vi hadde gjester frå dei fleste fylka, men mest frå Møre og Romsdal (67 %), Hordaland (10 %) og Oslo (10 %). Seks av ti kom frå Sunnmøre, som i 2007, og vi kan ikkje sjå nokon tydeleg auke i gjester som har brukt det nye Eiksund-sambandet, for i 1994 kom nesten ni av ti gjester frå Sunnmøre.

I 2007 hadde vi fleire gjester som arbeidde i privat sektor enn i 2007. Sju av ti hadde høgare utdanning, om lag som i 2007.

Seks av ti gjester er på Festspela inntil tre dagar, og berre ein liten del av desse nøyser seg med éin dag. Ein tredel var på inntil to arrangement, ein tredel på 3–5 og ein tredel på 5 eller fleire arrangement; slik var det også i 2007.

Tre av fire var på Festspela av privat interesse, i 2009 som i 2007. Ein tredel av gjestene hadde ikkje vore på Festspela før – det same gjaldt i 2007, og av dei som hadde vore her før, hadde dei aller fleste vore på fleire festspel. Ein tredel av gjestene sa dei ikkje hadde brukt nettstaden vår for å lese om Festspela.

Vi har etablert ei fast kundekrins, og vi rekrutterer kvart år mange nye gjester. I 2009 svara heile åtte av ti at dei trudde dei ville kome att neste år, mot sju av ti i 2007. Begge åra hadde to av ti ikkje vore i Aasen-tunet før. Vi fekk altså til dels andre typar gjester på Festspela enn elles. Blant dei som hadde vore i tunet før, hadde ni av ti vore der fleire gonger, både i 2007 og 2009.

Vi hadde nøgde gjester. Tre av fire svara både i 2007 og 2009 at dei var ganske nøgde eller svært nøgde, og i år hadde vi endå fleire svært nøgde gjester enn i 2007. Misnøya var minimal, men eitt moment skilde seg ut: 7 % var misnøgde med billettprisane.

Ut frå det faktum at dei fleste har på Festspela av privat interesse, er det verdt å merke seg at fire av ti brukte 1000 kr eller meir. Slik var det også i 2007. Dette inkluderer reise og mat, og vi kan nok ikkje rekne med at folk har rekna særleg nøye før dei svara. Likevel viser tala at Festspela har store økonomiske ringverknader.

10.3 Opningstider

Opningstidene har, med små justeringar, vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei nynorske festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene.

16. august – 14. juni: måndag – fredag 10–16, søndag 12–17.

15. juni – 15. august: måndag – fredag 10–17, laurdag og søndag 12–17

Ivar Aasen-tunet var ope 312 dagar i 2009 mot 322 i 2008. Av dette var 108 dagar utan besøk på arrangement eller i utstillingar.

10.4 Billettprisar

Prismodellen frå opningssesongen blei ført vidare også i 2009, med desse prisane:

- Vaksne 70,00
- Barn (6–16), honnør, student 35,00
- Familie (inntil to vaksne) 150,00
- Grupper (minst 15 personar) 35,00 pr person
- Skuleklassar 20,00 pr person
- Barnehagar 10,00 pr person
- Utstillingar i Galleriet 30,00
- NAF-medlemmer ("Show your card") 35,00
- Tillegg for billett utanom opningstid 25,00

Under Festspela hadde alle gjester fritt tilgjeing i basisutstillinga.

Vi har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar og at dei skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover. Samstundes skal tilbodet vårt romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå gratis til 320 kr.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festspelpass til 1200 kr som gav tilgjeing til alle arrangement

10.5 iTicket

I 2009 selde vi billettar for 87 000 kr gjennom iTicket, mot 138 000 kr året før. Dette utgjorde berre 14 % av det samla billettsalet

til kulturprogram og festspel, mot 25 % i 2008.

Gjennom iTicket kunne publikum over heile verda kjøpe billettar til alle arrangement på Internett, via vår eigen nettstad eller billettuka.no. Desse kunne hentast hos Narvesen eller 7-Eleven. Publikum kan førebels ikkje skrive ut billettane sjølv, og dei må vere registrerte kundar. Dette held att på bruken av tenesta.

11. Økonomi

Inntektene auka med 3 % frå 13,3 millionar kr i 2008 til 13,7 millionar kr i 2009. Driftskostnadene minka noko og var på 13,4 millionar kr i 2009. Kostnadseffektiv drift er såleis den viktigaste årsaka til den store resultatforbetringa frå 2008.

11.1 Investeringar

Investeringane i 2009 utgjorde over 1,2 millionar kr. Dei to store prosjekta var utbetring av Jostein Nerbøvik-plassen og tilkomstvegen, jf. kap. 2.3 i styrets årsmelding.

Hovudentreprenør for dette arbeidet var Volda Maskin, og Ottar Skare var byggeleiar. Medrekna planlegging og prosjektering kosta utbetringane 1,3 millionar kr. Vi fekk 230 000 kr i tilskot frå Kultur- og kyrkjedepartementet, og dekte resten av eigne midlar. Prosjektet blei slutført innanfor tidsfristane og med arbeid av beste merke.


11.2 Drift

Driftsinntektene har auka markert nesten kvart år. I 2009 var auken på linje med pris- og lønsveksten.

Eigeninntektene er alle inntekter utanom ordinært driftstilskot frå staten. I 2009 minka desse med 16 % frå 4 224 000 kr i 2008 til 3 579 000 kr i 2009. Eigeninntektene utgjorde 26 % av samla inntekter i 2000, mot 32 % i 2008.

Billettsalet fall med 22 % frå 768 000 kr i 2008 til 613 000 kr i 2009. Dette utgjorde 4,4 % av samla omsetning, mot 5,8 % i 2008.

Figur 12. Inntektsprofil 2000-2009



Bruttoomsetninga over kassa nådde det same høge nivået som i 2008 og enda på vel 2,4 millionar kr i 2009. I tabell 3 er omsetninga fordelt på dei ulike driftsområda. Billettsal, kafé og butikk utgjør etter kvart tre nokså like store omsetningseiningar.

Tabell 3
Kassaomsetning etter driftsområde 2005–2009
Prosent

	2005	2006	2007	2008
Billetter utstilling	10	8	8	9
Billetter arrangement	24	22	28	23
Butikk	29	34	30	31
Kafé og utleige	37	36	34	37
I alt	100	100	100	100

Kostnadene blei haldne under 2008-nivået, medan inntektene auka.

Av dei seks ordinære rekneskapsavdelingane auka fire omsetninga i 2009. Berre Utstillingar og Kaféen kom ut med lågare omsetning. Alle avdelingane utanom Dei nynorske festspela nådde om lag det budsjetterte resultatet eller forbetra betre.

Svært mykje planlagt og nødvendig vedlikehald blei gjennomført i 2009, men noko måtte av kapasitetsgrunnar utsettast til 2010.

Auka aktivitet gir også auka lønskostnader, men desse utgjør framleis kring halvparten av driftskostnadene: 50 % i 2009 mot 47 % i 2008. Dette inkluderer utøvarhonorar. Vi har like sidan 2000 lagt stor vekt på lønskostnadene bør liggje godt under 60 %, slik at handlefridomen og fleksibiliteten i drifta er der. Kombinasjonen av lågare lønskostnadsdel og stor aktivitet viser at arbeidspreset var høgt også i 2009.

Varelageret hadde ved utgangen av året ein verdi på 310 000 kr, mot 306 000 kr i 2008. Også i 2009 la vi vekt på at vi ikkje

skal byggje opp fiktive verdiar i varelageret. Ved årsskiftet reduserte vi difor varelageret med 23 000 kr i ukurans, mot ein tilsvarande reduksjon på 25 000 kr i 2008. Etter ei samla vurdering gjorde vi dessutan ei ekstraordinær avskrivning på 24 000 kr.

Etter dette utgjorde verdien av butikklageret berre 35 % av den samla omsetninga i butikken, mot 39 % i 2008.

11.3 Prosjekttilskot

Vi hadde i 2009 532 000 kr i prosjekttilskot mot 467 000 kr i 2008. Dette var dei viktigaste tilskot vi inntektsførte:

- Kultur- og kyrkjedepartementet: 230 000 kr til utbetring av tilkomstvegen i Gamletunet
- ABM-utvikling: 100 000 kr til nettutstillinga *Rekvisittar for eit liv*
- Møre og Romsdal fylke: 85 000 kr til Dei nynorske festspela
- Volda kommune: 55 000 kr til Dei nynorske festspela
- Ørsta kommune: 55 000 kr til Dei nynorske festspela

Frå utstillingsprosjektet *Undrande og skapande* var 34 000 kr til utvikling av vand-reutstillingsdelen overførte til 2009 og brukte då.

11.4 Samarbeidsavtalar

I 2008 fekk vi på plass gode og langsiktige sponsoravtalar for åra 2008–2010. Rekneskapsførte inntekter frå desse avtalane, medrekna ei gåve frå ein av sponsorane, utgjorde 407 000 kr mot 388 000 kr i 2008.

Vi har no fire hovudsponsorar: Sunnmørsposten, Sparebanken Ørsta Volda, Tussa og ABC Startsidan.

Dei nynorske festspela hadde 45 samarbeidspartnarar, mot 41 i 2008. Medrekna kulturprogrammet hadde vi 73 samarbeidspartnarar i 2009: Amfi Ørsta, Asker Museum, Bama, Bjørnsonfestivalen, Bokbyen Fjærland, Blåmann Barnebokklubb, Bondens Marknad, Dei nynorske mediedagane, Det Grøne Treet, Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret, Fagbokforlaget, Fjord I Buss Møre, Framtiden i våre hender Ørsta, Friele, Fugl Fønix kaffibar, Førde internasjonale folkemusikkfestival, Gjenbruks-

butikken i Ørsta, Gode Greier, Hotell Ivar Aasen, Hovdebygda Idrottslag, Høgskulen i Volda, Ivar Aasen-instituttet, Jazzklubben Volda Ørsta, Jon Fosse-dagane, Kafé Fru Svendsen, Kaffikari, Kontaktpunktet, Mediemållaget, Møre Folkehøgskule, Møre og Romsdal arkitektforening, Møre og Romsdal fylke, NORCD, Nordfjord Hotell, Norsk Forfattersentrum, Norsk Oversetterforening, NRK Nynorsk mediesenter, Nyttvektstforeningen i Ålesund, Ole Ringdal as, Rasmus Løland-markeringa, Ryfylkemuseet, Scana Volda, Sivert Aarflot-jubileet, Skald Forlag, Sogn og Fjordane arkitektforening, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn og Fjordane Teater, Studenthuset Rokken, Studenttinget i Volda, Sunnmøre museum, Thuns bakeri, Tide, Tiden Norsk Forlag, Tine, Tromsø Museum, Universitetet i Tromsø, Vikebygda sanitetslag, Volda Bil, Volda Bygdetun, Volda elektriske mylne, Volda Golfklubb, Volda Hagelag, Volda handelsforening, Volda kommune, Volda Mineralvatn, Volda omsorgssenter, Volda sokneråd, Westres bakeri, Ørsta bygdemuseumslag, Ørsta kommune, Ørsta kunstlag, Ørsta sokneråd, Ørsta Torg.

Volda Mineralvatn laga også i 2009 eigen festspelbrus, denne gong som vatn med kol-syre. Fabrikken avvikla drifta hausten 2009.

11.5 Samfunnsrekneskap

Den kulturøkonomiske verdien av institusjonar som vår er stor. Nynorsk kultursentrum skapte verdiar for mange i 2009:

- 1 400 000 kr i skattetrekk og 843 000 kr i arbeidsgivaravgift, til saman 2 243 000 kr, mot 2,2 millionar kr i 2008. Dette utgjorde 16 % av samla kostnader i 2009.
- 6,9 millionar kr i bruttoløn, mot 6,4 millionar kr i 2008.
- 824 000 kr i honorar til utøvarar ved kulturarrangement, Dei nynorske festspela og elevprogram, mot 1 219 000 kr i 2008.
- Lønsoppgåver for 69 lønsmottakarar i 20 kommunar i 2009, mot 76 lønsmottakarar i 22 kommunar i 2008.

Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum betalt løn til personar busette i 120 kommunar spreidde over alle fylka.

12. Perspektiv 2013

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2009. I tråd med visjonsdokumentet utvida vi perspektiva for verksemda vår samstundes som vi heldt fast ved posisjonen vår som ein sjølvstendig kulturinstitusjon.

Mykje av vår forståing av den norske språk- og kultursituasjonen låg til grunn for den språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg som eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg til våren 2009. I oppfølginga av denne meldinga trengst eit nynorsk styrkeløft. Særleg gjeld det å utvikle mest mogleg lesestoff for born og unge i trykt form og på Internett. Både årstalen og andre tiltak dokumenterte at det trengst sterke og målretta tiltak for at born med nynorskbakgrunn skal få den språklege sjølvkjensla dei treng og fortener.

Dette er grunnlaget for vidare verksemd frå Mangfaldsåret 2008, Kulturminneåret 2009 og Leseåret 2010 til Språkåret 2013.

12.1 Ein nasjonal kulturinstitusjon

Både formelt og gjennom praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Vi har 21 stiftarar i ryggen. Blant desse er fire av dei sju universiteta, alle dei viktige nynorskinstitusjonane, fleire fylkeskommunar og kommunar, og fleire forskingsinstitusjonar. Desse stiftarane utgjer i seg sjølv ei viktig samarbeidsflate.

Kvalitet skal vere kjennemerket for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi vil knyte til oss enkeltpersonar utanfor institusjonen som ein del av den kompetansen vi har til rådvelde for å løyse dei faglege hovudoppgåvene fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Både økonomisk og på anna vis er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Både massemedia og

publikum har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt. Vi må difor bruke ein god del ekstra tid og pengar, ikkje minst reisekostnader, for å gjere den nasjonale profilen mest mogleg tydeleg.

Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og kritisk og konstruktivt er med og styrkjer den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Samstundes stiller Nynorsk kultursentrum gjerne sin kompetanse til rådvelde for arbeid og tiltak som kan gjere det lettare å vere nynorskbrukar.

Ivar Aasen-tunet som opplevingssenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé, bibliotek og arkiv. Vi vil ikkje ha noko skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving.

Verdien av publikumstilbodet må målast i meir enn gjestetal. Både arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk skal halde høg kvalitet. Vi utviklar ein god del tilbod vi er aleine om. Ein del arrangement og utstillingar skal ha gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Ivar Aasen-tunet som dokumentasjonssenter har to hovudoppgåver: ta vare på viktig dokumentasjon for ettertida, og aktivisere viktig dokumentasjon i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden www.aasentunet.no. Publisering av ulike typar tekstar vil prege nettstaden:

- Nøkkeltekstar frå den nynorske skriftkulturens historie, både sakprosa og skjønnlitteratur
- Spesialskrivne artiklar om sentrale emne innanfor nynorsk skriftkultur
- Basistekstar på fleire språk om Ivar Aasen og nynorsk
- Talar, artiklar og nyheitsstoff frå eiga verksemd

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk kultursentrum legg sterk vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

Det siste tiåret har det kome til mange nye institusjonar, både i norsk kulturliv generelt og i nynorskmiljøet. Dette har skapt ein tendens til at evna til samarbeid jamt blir sett på prøve. Vi ser ein fare for at fleire små institusjonar på eiga hand prøver å byggje opp ein kompetanse som alt finst, eller som kunne bli sterkare gjennom samarbeid. Nynorsk kultursentrum tek svært gjerne del i prosjekt som samsvarar med forretningsideen vår. Der vi er med, ønskjer vi å vere aktive, ikkje eit namn til utlån.

Nynorsk kultursentrum bør bli ein større organisasjon. Det kan vere strategisk bra for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta. Målt i tal tilsette er Ivar Aasen-museet det største litterære museet i landet, og vi er framleis det einaste språkmuseet i Norden. Den nasjonale profilen vår har ikkje vore noko tema i konsolideringsarbeidet frå ABM-utvikling eller departementet si side, og ingen har utfordra denne posisjonen i form av forslag om at NK burde gå inn i ei regional løysing.

Profilen må bli verande tydeleg. Eventuelle utvidingar må styrkje det museumsfaglege arbeidet vårt (utstillingar, arrangement) og rolla vår som nynorsk aktør.

12.2 Dialog med mange land

Ivar Aasen-tunet har fotfeste både lokalt og nasjonalt. I åra 2009–2012 skal dette bli ein kulturinstitusjon i dialog med mange land. Dette skal prege kulturprogrammet og festspelprogrammet, utstillingane og andre delar av verksemda vår. På denne måten kan vi formidle erfaringar frå den språkdelte norske kulturen til andre land og kulturar, og vi kan ta inn impulsar andre vegen. Dette vil vere med og vise at nynorsk er eit språk som andre språk, og altså alminneleggjere den norske språksituasjonen.

I første omgang tek vi initiativ til å etablere eit globalt nettverk av språk- og skriftkulturmuseum. Grunnlaget for dette er dokumentasjonen *Museums of language and written culture*, som blir fullført våren 2010. Dette femner om meir enn 30 slike institusjonar. Den internasjonale samarbeidsflata blir også utvida gjennom Litteraturnettverket, ICLM og det nye nettverket Literary societies and literary museums in Europe.

12.3 Endringar i Ivar Aasen-tunet

Med den nye utescena og tunbjørka, utbetring av Jostein Nerbøvik-plassen og tilkomstvegen er Ivar Aasen-tunet i svært god stand.

Etterspurnaden og aktiviteten er alt mykje større enn det ein rekna med då institusjonen blei planlagd. Presset er difor stort i mange ledd. Alt dette gjer det nødvendig å avklare ei rekkje spørsmål i åra frametter:

- Ny bygning med kjøkken og kafé
- Utbetring og bruk av stabburet
- Noko meir utbetring av Gamlevegen
- Utbetring av Galleriet
- Garasje og reiskapshus

Vedlikehald av natur- og kulturlandskapet er ei kontinuerleg oppgåve.

Rådet har ved fleire høve streka under at vidare utbygging i Ivar Aasen-tunet bør vere ei av dei nynorske hovudsakene for det komande tiåret.

12.4 Årets nynorskbrukar

Nynorsk kultursentrum deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

I 2009 gjekk prisen til seksjonsoverlege Ottar Rekkedal, Lillehammer, for viljen til å gjere nynorsk til eit alminneleg språk også i norsk helsevesen, og med det vidareutvikle nynorsk som medisinsk fagspråk i bruken av moderne informasjonsteknologi.

Prisen – 50 000 kr, eit eksemplar av Dialektspelet og eit grafisk blad av Arne Nøst –

blei overrekt av leiar i finanskomiteen i Stortinget, Reidar Sandal, under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 24.6.

Til no har desse fått prisen:

- 2000 Høgsterettsdomar Karl Arne Utgård
- 2001 Hotelldirektør og visepresident i NHO, Gerd Kjellaug Berge
- 2002 Ringstabekk skole
- 2003 Redaktør Martin Toft
- 2004 Musikkgruppa Side Brok
- 2005 Forfattar Kjartan Fløgstad
- 2006 Forretningskvinne og toppidrettsutøvar Kari Traa
- 2007 Forlagsredaktør Guri Vesaas
- 2008 ÅmliAvisa v/Inger Stavelin
- 2009 Seksjonsoverlege Ottar Rekkedal

12.5 Institusjonsbygging

Eit typisk trekk for nynorsk skriftkultur er at der er mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, men at det alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorsk institusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og positiv favorisering.

Nynorsk kultursentrum var ved årsskiftet særleg involvert i den vidare utviklinga av desse institusjonane og tiltaka:

- Allkunne
- Jon Fosse-arkivet
- Norsk Barneblad
- Falturiltu barnelitteraturfestival
- Rasmus Løland-markeringa

Tre av desse tiltaka har born som emne eller viktigaste målgruppe.

12.6 Oppfølging av språkmeldinga

Eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg i april 2009 til alle hovudlinjene i den språkmeldinga regjeringa Stoltenberg la fram våren 2008, blant anna med eitt kapittel levert frå Ivar Aasen-tunet. Dermed er det offisiell politikk at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematisert.

Prinsippet føreset tre overordna strategiar for tiltak i regi av staten og anna offentleg forvaltning:

- Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt
- Barn og unge må få meir nærkontakt med nynorsk
- Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege

Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt. Det trengst ein administrativ mekanisme som sikrar at nynorsk alltid blir vurdert eksplisitt. Det betyr både å kome inn på førehand og å kontrollere i etterhand. Dette bør ligge organisatorisk til Kulturdepartementet og ha vedtekne rutinar for konsultasjon, slik at det heile byggjer på meir enn god vilje. Essensen bør vere at alle viktige dokument og tiltak som har språkpolitisk relevans eller som har eller bør ha referansar til språk og språkbruk, blir lagde fram for Kulturdepartementet før dei blir vedtekne eller publiserte. Departementet bør i så fall lage eit oversyn over kva slags dokument som fell inn under kategorien ”viktige dokument og tiltak”, så som stortingsdokument, rundskriv og liknande dokument, tiltakspakkar og -planar.

Born og unge må få meir nærkontakt med nynorsk. Born og unge med nynorsk som hovudmål må få alt relevant stoff i si målform, og dei med nynorsk som sidemål må bli fortrulege med nynorsk språk og litteratur. Særleg viktige tiltak er desse:

- nynorske dataspel
- populærkulturelt lesestoff
- nynorskprosjekt i Den kulturelle skulesekken
- store prosjekt i Språkåret 2013
- Den unge scenen, Norsk amatørteaterfestival og fleirkulturelt barne- og ungdomsteater ved Det Norske Teatret
- nynorsk kvalitetsinnhald på Internett
- fagbøker
- prosjekt av den typen Rasmus Lølandstiftinga representerer
- nye nettenester som www.tunkatten.no og nyheitstenesta Ung til sinns i regi av Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege. Både i stat og kommunar må det bli

mykje enklare for tilsette å bruke nynorsk. Særleg viktige tiltak er desse:

- Språkbanken
- utvikling og produksjon av ordbøker og fagterminologi på nynorsk
- vanleg og mykje brukt programvare i begge målformer
- utvikling av enkle system for parallellsøking mellom bokmål og nynorsk i sak- og arkivsystem
- vedtekne og jamleg oppdaterte språkplanar for alle organ som kjem inn under mållova
- interdepartementalt utval for språk og teknologi

Nynorsk kultursentrum følgjer opp i nært samarbeid med resten av Nynorsk Forum.

12.7 Soria Moria 2

Til arbeidet med den nye regjeringserklæringa Soria Moria 2 hausten 2009 la vi fram eit dokument der den overordna strategien var eit nynorsk styrkeløft.

Regjeringa Stoltenberg fekk støtte frå eit breitt fleirtal i Stortinget i 2009 for *prinsippet nynorsk*: omsynet til nynorsk skal alltid vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematisert. Sidan 2004 har det også vore uttrykt politikk frå eit breitt fleirtal i Stortinget at det skal gjennomførast ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Det trengst ein *nynorsk tiltakspakke 2010–2013*. Å styrkje bruken av nynorsk er å styrkje bruken av norsk språk generelt. Der nynorsk blir brukt meir, blir engelsk brukt mindre. Stortinget vedtok i 1885 å jamstille nynorsk og bokmål. Reell jamstelling er berre mogleg viss det blir gjort mykje ekstra for nynorsk.

Det trengst *mykje større og øyremerkte nynorsktiltak*. Mange generelle støtteordningar kjem også nynorskbrukarane til gode, som pressestøtta og støtta til museum og teater, men staten har få og små støtteordningar som har til oppgåve å styrkje nynorsk skriftkultur. Samla utgjer desse ordningane mindre enn 35 mill. kr i 2009. Støtta til Det Norske Samlaget og Norsk Ordbok 2014 utgjer dei største og viktigaste summane. Norsk

kulturråd forvaltar støtteordning for nynorsk litteratur, årleg honorarstøtte til Norsk Barneblad og støtte til Dag og Tid, og gir 25 000 kr ekstra til tidsskrift som er redigerte på nynorsk, som Syn og Segn. Nynorsk pressekontor får som det einaste pressekontoret statsstøtte. Nynorskinstitusjonar som Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum får vesentleg støtte, men ikkje meir enn andre teater og museum.

Det trengst *mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda*. Nynorskbrukarane bur over heile landet, bruken av nynorsk er stabil på mange område, og styrkt på nokre, men presset aukar. Det nynorske grunnfjellet kan kome til å slå sprekkar viss effektive tiltak ikkje blir sette inn. Åtte av ti nynorskelev var i grunnskulen bur i dei 114 nynorsk-kommunane. Her verkar to tendensar i negativ lei: Ein aukande prosentdel av elevane bruker bokmål, og folketallet stagnerer eller går ned. Utviklinga i dei nynorske kjerneområda avgjer kva stilling nynorsk har som landsgyldig og jamstelt språk om femti år.

I dokumentet utdjupa vi 14 prioriterte tiltak:

1. Språkåret 2013
2. Språkpott i ei fornya pressestøtte
3. E-bøker på nynorsk i alle sjangrar
4. Programvare i begge målformer på alle pc-ar i skulen
5. Treårig språkaksjon i den vidaregåande skulen
6. Utvikling av fagterminologi gjer det lettare å bruke nynorsk i næringslivet
7. Jon Fosse-arkivet
8. Eit akademisk løft for nynorsken
9. Nybygg i Ivar Aasen-tunet
10. Den nynorske skulesekken
11. Tredoble produksjonen av nynorske barne- og ungdomsbøker
12. 50 % meir statsstøtte til dei nynorske basisinstitusjonane
13. Styrkje nynorskforlag utanfor Oslo
14. Nynorskhuset i Oslo

12.8 Kulturelt mangfald

Mangfald er ein måte å tenkje på. Ein kan ikkje velje vekk dei delane ein ikkje vil ha, ta vare på resten og utrope seg som varm tilhengjar av mangfald. Vi må ta vare på dei

språklege og kulturelle skilnadene vi har i Noreg, både dei som har vore her i meir enn tusen år, og dei som har vandra inn i landet dei siste tiåra. Utan ei slik plattform lærer vi aldri tenkjemåten mangfald.

Arbeid for kulturelt mangfald har ein eigenverdi for ein institusjon som vår. Mangfaldåret 2008 fekk diverre lite å seie for ei utvida forståing av det norske kulturelle mangfaldet. Vi fører vidare arbeidet med å utvide forståinga av det norske og dokumentere det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet.

Vi bør vere med og utvikle meir kontakt mellom nynorske, samiske og kvenske miljø. Der er mange i sør som må ta innover seg erfaringane med språkleg og kulturelt mangfald i Nord-Noreg. Det norske storsamfunnet treng både den nynorske erfaringa og dei røynslede urfolk og minoritetar har gjort. Rammevilkåra våre er prinsipielt ulike, men vi har mykje å snakke om.

12.9 Språkpolitisk demografi

Busetnadsmonsteret har endra seg mykje sidan 1990, og folkeauken i storbyane er sterk. Barnekulla vekslar i storleik, men er for tida mindre enn vanleg. Den geografiske endringa svekkjer den daglege bruken av nynorsk, medan den demografiske endringa reduserer mengda av nye nynorskbrukarar. Talet på elevar med nynorsk hovudmål i grunnskulen minka frå 16,5 % i 1990 til 13,3 % i 2009. I absolutte tal var det 81 147 nynorskelevar i 2008, mot 80 218 i 1990. Vi er langt unna nivået for kritisk masse, men det er ein ny situasjon den dagen skulemålsprosenten eventuelt fell under 10.

12.10 Språk og lesing i barnehøgda

I årstale nr. 8 dokumenterte Nynorsk kultursentrum kor viktige barnehagane er i utviklinga av barnespråk, og kor lite dei fleste barnehagane gjer for å styrkje språk- og sjølvkjensla hos born med nynorskbakgrunn. Born får sterke impulsar frå særleg tv, men sjølv om dei ser jamt meir tv, bruker dei mykje meir av dagen i barnehagen.

I årstale nr. 9 dokumenterte vi at tilbodet av barnebøker er tredobla dei siste femti åra, men for kvar femtande nye barnebok på

bokmål kjem det éi på nynorsk. Der er ein etterspurnad utan tilbod, og det vil seie at marknadsmekanismen ikkje verkar i det norske språkmangfaldet.

Leseåret 2010 må dreie seg om mykje meir enn leseferdigheit i skulen. Dei lese-kampanjane staten har gjennomført, har verka for dårleg. Leseåret må difor brukast til å endre norsk skriftkultur til det betre, og ha målretta nynorsktiltak.

Mange regjeringar har teke mål av seg til å styrkje nynorsk skriftkultur. Likevel utgjer ikkje nynorskbøker ein større del av norsk bokproduksjon i dag enn for 100 år sidan. Både her og på fleire andre domene har den statlege språkpolitikken dei siste tiåra stabilisert situasjonen, ikkje styrkt dei endringane som norskskolelærarane dreiv fram med eigne midlar tidleg på 1900-talet.

Desse analysane og vurderingane blir følgde opp, både overfor fagmiljøa og gjennom samarbeid, der Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er særleg viktig.

12.11 Den kulturelle skulesekken

Nynorsk kultursentrum har sidan 2003 arbeidd for å få språkpolitiske perspektiv inn i Den kulturelle skulesekken. Dette arbeidet gav handfast resultat i *St.meld. nr. 8 (2007–2008) Kulturell skulesekk for framtida*. Der heiter det i kap. 4.9 ”Formidling av kunst og kultur på nynorsk”:

”Skal nynorsk som den minst brukte av målformene kunne hevde seg, er det om å gjere at born og unge også får kulturimpulsar på nynorsk. Særleg viktig er det at elevane med nynorsk opplæringsmål møter si eiga målform på brei front i den formidlinga som skjer i skulen. Dei treng all den motvekt dei kan få mot den sterke bokmålspåverknaden utanfor skulen.

Auka vekt på å formidle kunst og kultur på nynorsk gjennom Den kulturelle skulesekken kan difor vere med å styrkje den språklege identiteten til nynorskelevane. Den kulturelle skulesekken vil på den måten byggje opp under dei pedagogiske målsetjingane i skulen og i større grad gjere skulen til ein berar og formidlar av språkleg og kulturell identitet.

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar har dette språkpolitiske perspektivet i tankane i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken og når dei legg konkrete planar for kunst- og kulturtilbodet i ordninga. I den samanheng er det ynskjeleg med eit visst tilbod på nynorsk også for bokmålelevane.”

Nynorsk kultursentrum følgjer opp dette både med eigne, nye elevprogram og utviklingsprosjekt i samarbeid med fleire fylkeskommunar og Høgskulen i Volda.

12.12 Læremiddel på nynorsk

Nynorskmiljøet samarbeidde tett om denne saka gjennom Nynorsk Forum også i 2009. Stort sett låg læremidla før også på nynorsk ved skulestart i august 2009, men for elevane i små fag på vidaregåande skule er situasjonen like alvorleg som før. Truleg er mange av dei elevane som er mest usikre språkleg å finne i desse faga.

I 2008 arbeidde Utdanningsdirektoratet særleg med å endre forskriftene i opplæringslova for å klargjere ansvar og verkeområde for denne lova. Framlegg til endringar blei sende på høyring vinteren 2009, men blei ikkje følgde opp, og det er difor viktig at desse endringane kjem på plass i tide til skuleåret 2010/11.

Det interkommunale forlaget Nasjonal digital læringsarena, NDLA, publiserte i fleire fag heildigitale læremiddel med uakseptabel språkleg kvalitet. Nynorsk Forum tok tungt tak i saka og vil følgje saka systematisk utover i 2010.

12.13 Digitaliseringspolitikk

Internett er blitt daglegdags. Nynorsk må finnast i vanleg bruk der publikum er i kvar dagen. Difor er utvikling av digitale tenester og tilbod på nynorsk svært viktig. Over 50 nynorske lokalaviser har eigne nettutgåver, fleire store medieselskap bruker nynorsk i større eller mindre grad på nettstadene sine, og offentleg forvaltning blir sakte betre i sin bruk av nynorsk. Vår rolle er å utvikle eigne gode nettstader, stimulere andre til å gjere det same, og dokumentere verdien av at dette blir gjort.

Regjeringa Stoltenberg la 17.4.2009 fram *St.meld. nr. 24 (2008–2009)* om digitalisering. På grunnlag av drøfting i rådsmøte 28.4. sende Nynorsk kultursentrum 12.5. notatet *Sju bidrag til ein pen og brei digital allmenning* til familie- og kulturkomiteen i Stortinget. Der la vi fram desse forslaga til komitémerknader:

Prinsippet nynorsk: Komiteen merkar seg at mellom anna dei språkpolitiske omsyna. *St.meld. nr. 35 (2008–2009)* som Stortinget har slutta seg til, ikkje er nemnde eller følgde opp i denne meldinga. For at digitaliseringspolitikken skal vere eit bidrag til å styrkje norsk språk og kultur, er det særleg viktig at det såkalla prinsippet nynorsk blir inkludert også her. Komiteen legg til grunn at nynorsk høyrer med der norsk språk blir tematisert eller brukt, og at dette difor også gjeld i det vidare arbeidet med å utvikle ein digital allmenning. Komiteen legg difor stor vekt på at nynorsk materiale finst på lik linje med materiale på bokmål i alle større prosjekt som det offentlege er involvert i. Komiteen bed departementet i samarbeid med relevante nynorskinstitusjonar kartleggje samlingar og materiale som det er særleg viktig å sikre i den digitale allmenningen.

Vårt eige arbeid: Komiteen er kjend med det omfattande digitaliseringsarbeidet som Nynorsk kultursentrum utfører, og at institusjonen gjerne deler røynslene sine med andre. Komiteen vil påpeike på at slike definerte prosjekt er viktige bidrag til utviklinga av ein brei og open digital allmenning.

Nasjonalbibliotekets rolle: Komiteen merkar seg at Nasjonalbiblioteket får mange sentrale oppgåver og funksjonar i utviklinga av det digitale samfunnet. Det er nødvendig å etablere mest mogleg eintydige digitale standardar, men desse føreset ikkje at det praktiske arbeidet blir sentralisert til éin institusjon i så stor grad som meldinga legg opp til. Komiteen vil streke under at det finst mange fleire samlingar enn dei som er omtalte i meldinga. Ein digital allmenning blir ikkje allemannseige utan at mange og ulike miljø blir involverte på eigne premissar og får sjølvstendige oppgåver. Komiteen meiner difor tydelege delprosjekt bør leggjast til ulike institusjonar, i nært samarbeid med Nasjonalbiblioteket.

Musea si rolle: Komiteen vil særleg peike på at arkiv, bibliotek og museum forvaltar store samlingar som kan vere eit godt grunnlag for samarbeid om digitale prosjekt mellom slike institusjonar. Komiteen merkar seg at meldinga i liten grad drøftar digital formidling, og ikkje tildeler musea sine nettstader nokon viktig funksjon i den digitale allmenningen. Det er viktig at musea si digitalisering og samlingsforvaltning blir sett i samanheng. Komiteen ser det som særleg nødvendig at det blir etablert minstekrav til den digitale infrastrukturen ved slike institusjonar, særleg musea.

Tilbod for born og unge: Komiteen vil peike på at ein heilskapleg politikk for det digitale samfunnet bør ta særleg omsyn til målgruppene born og unge, som jamt over alt er svært røynde nettbrukarar. Dette aspektet er ikkje drøfta i meldinga. Komiteen bed difor departementet kome tilbake til saka på føremålstenlege former. Komiteen ventar at både språklege og andre kulturelle omsyn blir inkluderte i det vidare arbeidet med saka.

Forfattarjubileum: Komiteen er kjend med at det blir arbeidd med planar for mange litterære markeringar og jubileum det neste tiåret. Komiteen er orientert om det samarbeidet som no er under utvikling i det nasjonale museumsnettverket Litteraturnettverket under leiding av Nynorsk kultursentrum. Komiteen ser positivt på slike initiativ og legg vekt på at litteraturens plass i den digitale allmenningen må involvere mange institusjonar og miljø. Komiteen ser verdien av at det blir utvikla samarbeid med Nasjonalbiblioteket, men meiner det også må vere rom for sjølvstendige initiativ som sikrar engasjement og brei tilslutning nedanfrå.

Jon Fosse-arkivet: Komiteen viser til planane for å etablere Jon Fosse-rommet som eit fysisk arkiv med dokumentasjon og formidling på fleire språk i digital form. Dette kan vere eit gode pilotprosjekt for utvikling av eit moderne arkiv i ei ny form. Komiteen bed departementet kome tilbake til dette tiltaket i framlegget til statsbudsjett for 2010.

Digitaliseringsråd: Komiteen sluttar seg til framlegget om å etablere eit digitaliseringsråd som skal vere med og sikre ei heilskapleg digital samlingsforvaltning. Dette rådet må

vere så breitt samansett at det dekkjer dei miljøa som kvar på sin måte er viktige i norsk kulturliv. Komiteen meiner difor at dette rådet må dekkje begge målformer, samisk, minoritetsspråk, og andre språkmiljø, og bed om at dette viser att i representasjonen i rådet.

Framlegga viste godt att i komitéinnstillinga. I *Innst. S. nr.313 (2008–2009)* av 9.6.2009 blei synspunkta våre følgde opp i éin samla komitémerknad og tre mindretalsmerknader.

Om *behovet for standardar* sa komiteen dette: ”Komiteen vil understreke at det er en viktig oppgave å etablere en samlet oversikt over innhold og tjenester i norske bibliotek, arkiv og museer. I den forbindelse vil komiteen understreke viktigheten av nasjonale standarder for digitalisering på ABM-feltet slik at det digitale innholdet fra flere institusjoner og sektorer kan ses i sammenheng. De nasjonale fellesløsningene for data fra arkiv, bibliotek og museum vil danne grunnlaget for et integrert søk som genererer treff på tvers av institusjonsgrensene og som peker direkte mot innhold fra ulike baser og kilder.”

Prinsippet nynorsk blei kommentert slik av to parti: ”Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti og Venstre merker seg at de språkpolitiske hensynene som Stortinget har sluttet seg til gjennom behandlingen av St.meld. nr. 35 (2008–2009) ikke er eksplisitt fulgt opp i denne meldingen. Disse medlemmer legger til grunn at nynorsk hører med der norsk språk blir tematisert eller brukt, og at dette også gjelder i det videre arbeidet med å utvikle en digital allmenning.

Disse medlemmer ber departementet i samarbeid med relevante nynorskinstitusjoner kartlegge samlinger og materiale som det er særlig viktig å sikre i den digitale allmenningen.”

Om *Nasjonalbibliotekets* rolle sa alle opposisjonspartia dette: ”Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre Kristelig Folkeparti og Venstre merker seg at Nasjonalbiblioteket blir tillagt mange sentrale oppgaver og funksjoner i utviklingen av det digitale samfunnet. Disse medlemmer mener det er viktig og nødvendig å etablere mest mulig

entydige digitale standarder, men dette forutsetter ikke at det praktiske arbeidet blir sentralisert til én institusjon i så stor grad som meldingen legger opp til.

Disse medlemmer vil understreke at det finnes flere samlinger enn de som er omtalte i meldingen. En digital allmenning blir ikke allemannseie uten at mange og ulike miljø blir involverte på egne premisser og får selvstendige oppgaver. Disse medlemmer mener derfor at ulike delprosjekt bør legges til ulike institusjoner, i nært samarbeid med Nasjonalbiblioteket.”

Tilbod for born og unge kommenterte tre parti slik: ”Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre vil understreke at en helhetlig politikk for det digitale samfunnet særlig bør rettes inn mot målgruppene barn og unge, som jevnt over allerede er svært etablerte nettbrukere. Disse medlemmer merker seg at dette aspektet ikke er særlig vektlagt i meldingen. Disse medlemmer legger til grunn at departementet vil følge dette opp på egnet måte.”

Om *digitaliseringsråd* sa dei same tre partia: ”Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre mener at rådet må være så bredt sammensatt at det dekker de ulike miljøene som hver på sin måte er viktige i norsk teknologi- og kulturliv. Disse medlemmer legger til grunn at dette hensynet gjenspeiles i representasjonen i rådet.”

12.14 Språkåret 2013

I 2013 ville stiftaren av nynorsk ha fylt 200 år, og ei av dei viktigaste scenene for nynorsk – Det Norske Teatret – fyller 100 år. 2013 er ein eineståande sjanse for Nynorsk kultursentrum (NK) og Det Norske Teatret (DNT) til å gjennomføre egne planar på egne premissar, med eit minimum av ekstra-innsats gi dette dobbeltjubileet ein høg, raus himmel, og å tilføre meirverdi til språksamfunnet Noreg.

DNT er ein direkte konsekvens av det Ivar Aasen gjorde og opna nettopp det året då hundreårsjubileet for Ivar Aasen skulle feirast. NK har ansvaret for å dokumentere og formidle Ivar Aasens verk, som ein del av det nasjonale dokumentasjons- og opplevingssenteret for nynorsk skriftkultur.

Etter innspel frå NK gjekk regjeringa Bondevik II i kulturmeldinga i 2003 inn for "eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen" fram mot 2013-jubileet. Eit breitt stortingsfleirtal slutta seg til, men lite har vore gjort i praksis.

Styret og rådet i NK har sidan 2003 drøfta ei rekkje saker under overskrifta "Perspektiv 2013". Ideen om Språkåret 2013 tok form vinteren 2007, med positivt grunnvedtak i styret i mars 2007. Våren 2008 slutta rådet i NK seg samrøystes til dette. Få veker seinare prioriterte eit samla Nynorsk Forum Språkåret 2013 som det viktigaste nye nynorsktiltaket nettopp fordi det var eit tiltak som gjekk langt ut over det nynorske.

NK har presentert ideen for både den førre og den nye kulturkomiteen i Stortinget, og har både for 2009 og 2010 søkt om utviklingsmidlar som ein del av dei årlege søknadene om statsstilskot, utan uttelling.

Etter invitasjon frå NK drøfta leiinga og styreleiarane ved DNT og NK saka 24.11.2009. I møte 17.12.2009 slutta styret i DNT seg til planane.

Mål: Språkåret 2013 skal altså gjere nordmenn språkleg rausare med kvarandre. Dette er det absolutte tiltaket for å etablere som grunnsanning i det norske samfunnet at vi lever i ein språkdelte norsk kultur.

Språkåret bør ikkje ha meir enn tre overordna mål. Eitt bør gjelde norsk språk, eit anna styrking av norsk mot engelsk, eitt tredje bør gjelde minoritetsspråk.

Målet for norsk språk kan vere at alle skal vere stolte av at vi har to norske målformer og sjå kva verdi dette har for dei sjølv. I dette ligg at nynorskbrukarane må få auka sjølvtilitt og setje pris på sitt eige språk. Vi må altså få nynorskbrukarane til å like sitt eige språk og få bokmålsbrukarane til å respektere det. Først då gir det meining å seie at til dømes bokmålsbrukarane skal vere like stolte av nynorsk som nynorskbrukarane er.

Strategi: Språkåret skal handle om norsk språk og om språk i Noreg: bokmål og nynorsk, teiknspråk, urfolksspråk, minoritetsspråk og innvandrarspråk. I dette ligg noko som nær sagt kvar einaste innbyggjar i Noreg kan kjenne seg att i eller finne seg sjølv i: Språk er noko alle har.

Alle som ønskjer å vere med på feiringa, må kjenne seg raust velkomne. Vi må sleppe dei mange lokale initiativa laus, sjølv om dei ikkje veit alt dei burde vite verken om Ivar Aasen, Det Norske Teatret eller språk.

Språkåret skal femne mykje vidare enn eit nynorskår ville gjere, både i innhald og tilslutning. Vi må byggje vidare på alle positive vurderingar frå Ivar Aasen-året 1996 og seinare markeringar som Ibsen-året og Wergeland-jubileet. Der kan vere verdfulle røynslar å henta frå det svært påkosta H. C. Andersen-jubileet i 2005 som gjorde alfabetisering til sitt overordna grep, og frå Carl von Linné-jubileet i 2007.

- Feire mangfaldet og skape begeistring gjennom humor, sjølvironi, uhøgtidleg form – ikkje rettferdiggjere og moralisere
- Det gjeld å vedkjenne seg sitt eige mangfald: Ver den du er og bli akseptert for det
- Etablere semje i breie miljø og skape entusiasme rundt den grunnleggjande ideen
- Ein solid, men open organisasjon

Språkåret skal få fram kva språka gir kvarandre, t.d. kva bokmålet har gitt nynorsken, og kva nynorsken har gitt bokmålet. I dette ligg også eit stort potensial for at ulike miljø av språkbrukarar i Noreg kan snakke meir saman og utvikle samarbeidstiltak, t.d. mellom nynorske miljø på den eine sida og samiske og kvenske miljø på den andre. NK tok opp dette perspektivet i årstale nr. 9 om tilstanden for nynorsk skriftkultur hausten 2009.

Prosjektet må ha eit namn som peikar ut over dei to institusjonane det heile spring ut frå. Markerings- og jubileumsåra har vore mange dei siste to tiåra, og nemninga år kan verke utsliten, men markerer samstundes at dette er noko som skal vere lenge og vere viktig. Nemninga *Språkåret 2013* opnar for alle og støyter ingen bort.

Stiftinga Språkåret 2013: Ved å organisere dette som ei stifting risikerer ingen enkeltinstitusjon å sitje att med rekninga når det heile er over. Vi vurderer ei stifting som ei smidigare løysing enn t.d. aksjeselskap. Kven som er stiftarar, har mindre å seie enn kven som

sit i styret. Inntil seks stiftarar kan vere optimalt.

Å finne nynorske stiftarar er lett. Jobben er å finne sterke stiftarar med bokmålsbakgrunn, eller som vil ta på seg å representere den sida av den språkdelte norske kulturen, og språklege minoritetar.

Stiftinga avgjer gjennom sine vedtekter m.a. kven som utnemner styret, kva interesser som skal vere representerte i styret – utan å seie noko om kva institusjonar styremedlemene skal hentast frå, og korleis styremedlemmer kan bli skifta ut.

Ei stifting må ha ein grunnkapital på minst 100 000 kr. Denne grunnkapitalen må stillast til disposisjon frå stiftarane (direkte eller indirekte), og må vere reint innskot eller eigendelar, berre det kan balanseførast i rekneskapen. ”Av sjølvstendekravet følgjer også at opprettar ikkje lenger har rådvelde over formuesverdien som er overført til stiftelsen. Det kan ikkje gjerast utdelingar til oppretteren,” framhevar Stiftingstilsynet.

Stiftinga skal kontrollere prioriterte prosjekt og arrangement fullt ut, men elles la det myldre fritt utan å overprøve innhald, stille profileringsmateriell til rådvelde m.m. Dette er det same som blei gjort i Ivar Aasen-året, og som har vore føredømet for mange seinare jubileum.

Plattform og innhald: Skipingsmøtet i stiftinga vedtek ei plattform for Språkåret 2013. Denne plattformen bør ikkje vere på meir enn to sider, men er det viktigaste styringsdokumentet i prosjektet utanom driftsbudsjettet. Gjennom dette dokumentet sikrar stiftarane mål og retning for Språkåret, men stiller samstundes styre og prosjektleiing fritt til å fylle det handlingsrommet plattformen etablerer. Plattform må m.a. ha ein tung og tydeleg internasjonal profil med både nordiske, europeiske og globale perspektiv.

Berre gjennom dei drøftingane NK har hatt i sin regi, og utan at innhald har stått spesifikt på noka sakliste, har det kome fram bort imot 30 større tiltak som kan vere aktuelle for 2013. Når dette tek laus, kjem det til å bli mykje. Myldring som strategi vil gi mange arrangement. Språkåret 2013 bør innehalde minst 2013 arrangement.

Arbeidet held fram: Våren 2010 utnemner styret i NK eit interimstyre for Språkåret 2013 i samråd med DNT.